


KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

18. årgang



God sommar!



Ordføraren har ordet

Me har lagt bak oss ein kald og stabil vinter, som mange har sagt: «ein vinter av det gamle gode slaget». Vekevis med samanhengande klårvær og kulde, men akkurat nok snø til gode skitilhøve. Eg vil her spesielt nemne dei fantastiske forholda me har hatt på skisenteret vårt, Sogn Skisenter, der langrennsløyper og skibakkar har vore fulle av born og vaksne både kvardag og helg heile sesongen. Stor takk til dugnadsgjengen som lagar eit flott tilbod for oss lusteringar og tilreisande.

Det nye i år er at me kan stå på ski om dagen i 20 minus og bada om kvelden i 39 pluss. Lustrabadet har og hatt ein overveldande god start. Så langt syner anlegget svært gode besøkstal, tal langt over anslag og budsjet. Lustrabadet har etablert seg som eit regionanlegg med svært god kvalitet og service. Gledeleg er det å sjå at både Sogn Skisenter og Lustrabadet dreg mykje «utanbygd» folk til kommunen, spesielt nabokommunane våre er finke å besøka dei gode tilboda i Luster.

Etter ein historisk sein vår står no sumaren for døra. Me fekk testa ut den gamle segna om Hafsløisen: Den skal som kjent søkka natt til 17. mai om ikkje den er gått før. I år låg han fleire dagar etter 17. mai. Dei forsinka vekene i vår vart snøgt henta inn att. Gras og blomar står no høgt og frodig kringom i kommunen, og dei fyrste sauene er sendt på fjellbeite.

Folketal

Folketalet i kommunen har vore tema i Lustranytt fleire gonger. Eg ynskjer også i denne utgåva å seie litt om utviklinga. Luster har framleis fin utvikling. Sjølv om tala er relativt små har me ein jamn positiv folketalsvekst. Luster er ein av dei kommunane i fylket med best folketalsutvikling; kommunen hadde ein auke på 8 personar i første kvartal i 2013. Det betyr at det pr 1.4.13 budde 5049 personar i kommunen. Luster kommune var den 5. beste kommunen i «folketalsvekst» i fylket i dette kvartalet, etter Førde, Florø, Sogndal og Leikanger.

Det er eit faktum at auka tilflytting er den viktigaste faktoren som gjer at me har denne gode utviklinga. Og her er det ein stor del av personar og familiær frå andre nasjonar som utgjer ei svært viktig gruppe. Det bur i dag lusteringar frå oppunder 30 forskjellige nasjonar i kommunen, dei tel over 300 personar. Dette er i stor grad arbeidssame, resurssterke personar som er avgjerande for folketalsvekst, men og som viktig arbeidskraft. Det er viktig at me som innfødde lusteringar tek godt imot tilflyttarar både frå utlandet og Noreg.



Jubileumsåret 2013

I år er det 50 år sidan 3 kommunar vart til ein. Hafslø, Jostedal og «gamle» Luster vart vedteke slegne i hop. Storkommunen Luster vart ein realitet. Med si store vidd på 2702 km² dekkjer Luster 15 % av flateinnhaldet i Sogn og Fjordane. Det har vore ei stor utvikling i kommunen desse 50 åra. Etablering av nytt kommunesenter i Gaupne, med nytt rådhus som stod ferdig i 1968, oppbygging av god helse- og omsorgsteneste, ein god og desentralisert skule. Som ein naturleg konsekvens av samanslåinga gjorde kraftlaga, sparebankane og lensmennene også det same og samla seg i kommunesenteret. Det vil i dette året bli sett opp utstillinger og ulike arrangement som markerar jubileet. Me starta på Lustramarknaden, og så vil det verta markeringar utover året.

Lusteringane har gjennom desse 50 åra bygd opp eit godt tilbod til innbyggjarane. Luster framstår i dag som ein attraktiv og trygg kommune å bu i - sjølv sagt med litt hjelpe av kraftinntekter, men i hovudsak med vitne og gode prioriteringar der alle bygder skal løftast opp i lag. Eg vonar at me kan feira nye 50 år som sjølvstendig kommune. Så får Stortinget og ev. nye «kostar» i regjeringskontora meine akkurat kva dei vil. Luster er stor nok!

God sommar!

ordførar

Rådmannen
har ordet

Året 2012

Kvart år oppsummerer me året med ein årsrapport, ein rapport der økonomi, aktivitet og kvalitet er sentrale stikkord. Dette gir dokumentasjon og grunnlag for vidare arbeid. 2012 er historie og kommunen sin årsrapport for 2012 vart handsama i kommunestyret 23. mai.

Frå økonomidelen av rapporten kan me lese at Luster kommune har ein solid kommuneøkonomi. Det er likevel slik at det økonomiske resultatet er noko svakare enn det bør vere for å sikra ei sunn drift og ein god økonomi til utvikling i åra framover.

Som føregåande år brukar me litt meir pengar enn me tenar, og over tid så brukar me av reservane.

Drifta er i godt samsvar med budsjettet. Det er noko meirforbruk på pleie- og omsorg og vedlikehald, spesielt vegvedlikehaldet. På barnehage- og spesielt skuleområdet er det mindreforbruk i høve



budsjettet. Me kan bokføre gevinst på aksjar medan det for kraftkommunen Luster ikkje er noko gunstig at straumprisane er så relativt låge som dei er no. Dette gir nokre millionar mindre i inntekt enn rekna med.

Alt oppsummert i eit rekneskap på om lag 450 million kroner er resultatet nær balanse der me ynskjer 2-3 % i pluss slik at me har evne til å vedlikehalde, investere og fornye med tilgjengeleg eigenkapital som del av finansieringa.

Årsrapporten syner generelt positiv utvikling i lustrasamfunnet. Luster kommune hadde også i 2012 ein liten positiv folketalsutvikling ved at innbyggjartalet auka frå 5026 til 5041. Auken kjem og dette året pga. nettoinnflytting frå utlandet.

Aktivitetsmessig syner årsmeldinga stor aktivitet med mange saker til handsaming. Innbyggarundersøkinga hausten 2011 syntte mange

nøgde innbyggjarar i Luster. Kommunale tenestetilbod og bukvalitet scorar høgt, samferdsletilbod og kulturtilbod litt lågare/lågast. Det vert gjort mykje godt arbeid i kommuneorganisasjonen for å tilby gode tenester. Gjennom medarbeidarundersøkinga hausten 2012 er det og dokumentert at arbeidsmiljø og trivsel i kommunen er tilfredstillande.

Kommunen har hatt eit aktivt år med næringsutvikling. Mange store og små næringssaker har vorte handsama, og spennande saker er under utgreiing. Cruisetrafikken utviklar seg i Skjolden. Seawalken kom på plass – og det har vore stor aktivitet i naturarvprosjektet og tilflyttungsprosjektet «folk i fleire hus.» Breheimssenteret i Jostedal er under oppføring og fleire bygdelag arbeider aktivt med bygdeutvikling. Lustrabadet vart bygt ferdig og opna hausten 2012. Badet er ein suksess og den regionale interessa er større enn venta.

«Dagmar» sette beredskapsarbeidet vårt på prøve ved inngangen til 2012. El-forsyning og samband er etter dette styrka, m.a. ved etablering av aggregatløysing for Gaupne omsorgssenter, nytt rom for kriseleiing, auka aktivitet i beredskapsrådet og førehandsavtalte kontaktpunkt med naudnett i heile kommunen.

2012 er ein milepæl i samhandlingsreforma. Kommunen har teke imot ferdighandsama pasientar frå spesialisthelsetenesta og det er etablert ei korttidsavdeling med 2 øyeblikkeleg hjelp senger. Ein kan med dette følgje opp samhandlingsreforma i høve behandling før, i staden for og etter sjukehusopphald.

På oppvekstområdet er det etablert 5 oppvekstsenter i 2012. Sterkare kopling mellom barnehage og barneskule håpar me skal gi gevinstar i høve tidleg læring, god samanheng mellom barnehage og skule (raud tråd), trivsel og meir robuste einingar i høve bemanning, kompetanse og administrasjon.

Også når det gjeld interkommunalt samarbeid vert arbeidet utvida og forsterka. Me har vedteke ny brannordning. Folkehelsearbeidet har fått ny tyngde gjennom eit interkommunalt samarbeid mellom Leikanger, Sogndal og Luster, og me har fått statstilskot for å stimulere dette arbeidet.

For dei som vil sjå nærrare på årsrapporten finn du den på heimesida til kommunen.

Jarle Skartun
Jarle Skartun
rådmann



Luster kommune er

«Ved kongeleg resolusjon av 10. november 1961 vart fastsett at Hafslo, Jostedal og Luster kommunar skulle slåast saman til ein heradskommune, og ved resolusjon av 22. juni 1962 vart tidspunktet for gjennomføring av samanslåinga sett til 1. januar 1963.

Namnet på den nye kommunen vart fastsett til LUSTER.»

Ei lokal nemnd fekk ansvaret for å førebu samanslåinga, om val av administrasjonsstad, instruksar til kontorsjefen (rådmann i dag), tilråding om kva stillingar som det skulle tilsetjast i og reglement for ulike utval m.v.

50 år er ingen alder?

Mange lusteringar hugsar attende til samanslåinga, mest som det var i går, og kan fortelje om fyrste valet og kven som vart valde. Arkivdokument syner at det var sterkt misnøye kring vedtaket om samanslåinga, slik misnøye det oftast er når det er tale om samanslåing og

sentralisering. Gode krefter har utvikla storkommunen og me kan no sjå attende på ei rivande utvikling av gode velferdstilbod til lusteringane.

50 år må feirast.

Me starta markeringa på Lustramarknaden med ei jubileumsutstilling, konkurranse, kakeservering og ikkje minst eit møte mellom tidlegare ordførarar i kommunen, alle då med unntak av den første ordføraren Anders Bjørk som gjekk bort i 1981. Tidlegare formannskapssekretær Hans Lavoll møtte også og var med og mimra attende. Det var stort oppmøte av gamle og unge lusteringar på rådhuset denne dagen. Praten gjekk godt og jubileumskaka fall i smak. Ordførar Ivar Kvalen eigna seg godt som vert og serverte forgjengjarane sine.

Jubileumsutstilling

Tema for utstillinga er: Samanslåing, folketal, økonomi, samferdsle, kommunikasjon, bustadfelt, opplæring, omsorg, kultur og miljø.



Ordførar Ivar Kvalen ynskjer velkommen og opnar jubileumsutstillinga. På bordet ligg ein del av publikasjonane som Luster kommune har produsert eller finansiert.

Flott kake når det er 50 års jubileum.



50 år

Hugsar du, eller visste du at

- rådhuset kosta 3,3 millionar kroner då det vart bygd i 1968?
- Magnhild Roti var fyrste kvinne i kommunestyret i storkommunen? Ho vart innvald i 1964, då også som varaordførar.
- fjellvegen Årdal – Turtagrø opna i 1972?
- veien til Vigdalen opna i 1963, og kosta 840.000 kroner?
- fyrste Lustranytt kom i 1995?
- det var 20 skular i 1963?
- Hafslo IL fekk fyrste kulturprisen i 1985?
- kommunen si drift kosta 2,6 millionar kroner i 1963 mot 317 millionar i 2012?

- Jotunheimen nasjonalpark vart skipa i 1980?

Utstillinga gjev svar på mykje meir av det som har hendt frå 1963 og fram til i dag. Vår lokale « samferdsleministar» Per Birger Lomheim har hjelpt oss med utstillinga, og har mellom anna laga kart som syner når ulike veger er bygde og kostnaden med dei.

I tillegg til fastmontert utstilling har det gjennom åra vore produsert store informasjonsmengder i trykksaker som blir vist som ein del av utstillinga.

Du er velkommen til å sjå utstillinga på rådhuset i 2. etasje. Her er heis.
Opningstida vår er kl. 08.00 – 15.00. Frå 19. august er det ope til kl. 15.30.



Hans Lavoll var lenge formannskapssekretær i Luster kommune. Han var invitert som gjest og fortel kommunehistorie til frå v: rådmann Jarle Skartun, Sigrid Svarlefoss og Astrid Veum.



Alle har vore ordførar i Luster kommune: Framme frå v: Jan Haugen Sp(1980-89), Knut P Nes Krf.(1978-79). Bak frå venstre: Kåre Øvregard Ap (1976-77), Ernst Veum Ap (1990-2003), Ivar Kvalen Sp (2011-) og Torodd Urnes Krf. (2003-2011).

Anders Bjørk Sp var første ordføraren i Luster kommune, i heile 13 år, 1963-1975. Han fekk Kongens fortjenstemedalje i gull. Diplom og medalje heng i dag på rådhuset.

Det er kjekt å møtast etter gammalt...



Tema for utstillinga er: Samanslåing, folketal, økonomi, samferdsle, kommunikasjon, bustadfelt, opplæring, omsorg, kultur og miljø.



Asbjørg og Kristen Ormberg likte seg på utstillinga. Stor takk til dei for bidrag av historisk materiale!

Fint å vere i ordførarsetet for ei stund. Frå v: Åse Skjolden, Elina Bakken, Ottar Skjolden og Torvald Bakken.



Jubileumskaka smakte godt. Det var jamn straum av besökande heile dagen.





Den gamle og nye leiaren i Luster Turlag, Stein Bugge Næss og Inga Reidun Sjøthun kunne stolt syne fram prisen som vart overrekt av leiaren i Luster Mållag, Oddmund L. Hoel (t.h.).

Målprisen 2013 til Luster Turlag

Luster Turlag får målprisen for god og konsekvent bruk av nynorsk gjennom 41 år, sa leiaren i Luster Mållag, Oddmund L. Hoel, då han delte ut prisen under Lustramarknaden.

Luster er ein av dei sterkeste nynorskkommunane i landet, og det er i seg sjølv ingen sensasjon at friviljuge lag og organisasjonar her brukar nynorsk. Men det er spesielt at ein friviljug organisasjon gjennom så lang tid utmerkjer seg med å bruka så god nynorsk, og ein skal nok leita lenge for å finna ein friluftsorganisasjon i Noreg som kan måla seg med Luster Turlag på dette feltet.

Turlaget har ein omfattande

aktivitet, og det gjer at det må skrivast mykje. I informasjonstilfang med kort levetid kan ein bli freista til å ta lett på språket, men det gjer ikkje turlaget. I tillegg har Luster Turlag gjeve ut fleire store bøker gjennom åra, alle med mange forfattarar, noko som gjer språkarbeidet krevjande. Men også her har språket vore eksemplarisk. Me vil òg framheva at turlaget har ein omfattande kulturhistorisk aktivitet attå turane. Det største laget har gjort er gjenoppbygginga av Fuglesteg, men også dei mange kulturrangementa gjer turlaget til ein av dei viktigaste kulturinstitusjonane i Luster.

Det er mange i Luster Turlag

som har lagt ned mykje godt arbeid for nynorsken, og difor går prisen til laget. Det er likevel ingen tvil om at leiaren gjennom dei fleste åra sidan laget vart skipa skal ha hovudæra. Framfor nokon er det Stein Bugge Næss som har gjort Luster Turlag til eit lysande nynorskføredøme for andre friviljuge organisasjonar i Luster, Sogn og Noreg.

Prisen er eit foto frå fjellheimen vår med Hurrungane i bakgrunnen, teke av Frank Smedegård. Til lukke med Målprisen 2013! avslutta Hoel.

Leiaren i turlaget, Inga Reidun Sjøthun, tok mot prisen på vegne av laget.



Kulturprisvinnar 2012:

Geirr Norman Vetti

Kandidaten kan med rette kallast ei eldsjel med god formidlings- evne, og som er til inspirasjon for andre, sa ordførar Ivar Kvalen under opninga av kommunestyrt sitt julemøte i det han overrekte den kommunale kulturprisen til Geirr Norman Vetti.

Ordføraren sa vidare: - Kandidaten som i år skal ta i mot kommunen sin kulturpris har gjennom media – over tid - vorte mest kjend som «husdoktoren». Men lokalt har han gjort seg mest kjend som ein særskilt kunnskapsrik entreprenør og aktør i kulturlivet både i Luster kommune, men også i store delar av Sør-Noreg. Om seg sjølv brukar han til og med omtalen som «steingal».

Bergensaren Geirr Vetti vart fenga av dronning Sonja si

forteling om Ormelid på radioen for vel 25 år sidan. Han for strake vegen til Luster og Ormelid. Sidan har han vore fenga av kulturhistoria og dei uttallige kulturminna i Luster kommune.

Engasjementet viser seg att gjennom fleire restaureringsprosjekt han har vore involvert i på ulikt vis, anten som pådrivar og ideutviklar, rådgjevar / konsulent, men ikkje minst gjennom arbeidet med å byggja oppatt sin eigen høgdegard – Skåri i Mørkridsdalen. Av alle prosjekta nøyser eg meg her med å visa til Munthehuset i ytre Kroken som og var det fyrste, større anlegget han gjekk i gang med her i Luster.

Han er av dei som har sett det store potensialet som

kulturminneressursane i Luster representerer. Dette nyttar han også eit quart høve til å minna innfødde om, eller fortelja tilreisande om. Spesielt høgdegardane og steinstovene er hans store interesse. Han har gjort lustringane medvitne på den kulturarven me har i kommunen, og ikkje minst gjeld det arbeidet med Stein i det heile.

Med si store kontaktflate, interesse og allsidige kunnskap om bygningar, handverk og arbeidsmetodar, har han verkeleg sett Luster på kartet. Hans engasjement innafor bygningsvern er stort, og både distriktet vårt og landet elles nyt no godt av det. Siste åra er det særleg muring ved hjelp av sherpaene frå Nepal som har stått i fokus. Dette omfattar restaurering av

Luster Energiverk Miljøfyrtårn-bedrift

Under møtet i formannskapet 6. mars fekk Luster energiverk AS tildelt beviset på at dei er Miljøfyrtårn-bedrift. Miljøfyrtårn er ei sertifisering av verksemda, dvs. gjennomført ei rekke krav for å verte godkjent. Beviset vart overlevert styreleiar i Luster Energi AS, Stein Bugge Næss, og dagleg leiar i Luster Energi AS, Anders Molland av ordførar Ivar Kvalen.t

Miljøfyrtårn
Miljøfyrtårn er Noregs mest brukte sertifikat for verksemder som

vil dokumentere miljøinnsatsen sin og vise samfunnsansvar. Å vere Miljøfyrtårn inneber systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen. Verksemda oppfyller krav og gjennomfører tiltak for ei meir miljøvenleg drift og godt arbeidsmiljø.

Miljøfyrtårn har tilpassa krav for ulike bransjar og sertifikatet vert tildelt etter ei uavhengig vurdering. Det skal leverast årlege miljørapporitar og kvart tredje år blir verksemda resertifisert.
(www.miljofyrtarn.no)

steinhus, murar og bygging av turvegar i nasjonalparkar både i Luster og elles i Sør-Noreg. Kontakten og samarbeidet med dyktige handverkarar frå Nepal har vorte vide kjent.

Han evnar å sjå muligheter i kulturminna som få andre gjer. Dette, saman med den store arbeidskapasiteten, gjer at han også har stor gjennomføringsevne på det han går i gang med. Samtidig er han også ein stor igangsetjar, og døme på dette er Fuglesteg i Fortun, strandsitjarmiljøet i Solvorn og Bryggjehuset på Skjolden. Han evnar å tolke bygningane og å sjå løysingar på bygningen sine premissar. Han har ei eiga evne til å sjå muligheter der andre stort sett berre ser problem - noko som t.d. fredinga av Ormelid er eit døme på.

Som mangeårig leiar i Luster sogelag er han også involvert i laget sine prosjekt, m.a. Hesteskårane og husmannsvesenet i Luster

sin plass i den nasjonale historia har han sett fokus på gjennom prosjektet ”Nasjonalt dokumentasjonsenter for husmannsvesenet”. På Riksantikvaren sin 100-årsdag no i haust motok han også kulturminneprisen - den første kulturminneprisen i landet vårt.

Han har vorte lustering og funne sin heimplass i Skåri. Der ingen skulle tro at nokon kunne bu, – slik Bruaset skildra garden gjennom TV-programmet med same namn. Der på tunet har både steinstove, steinfjøs og gamle lafte-bygg frå andre delar av fylket fått nytt liv, til inspirasjon for dei mange som etter kvart har besøkt og fått omvising i Skåri. Kandidaten kan med rette kallast ei eldsjel med god formidlingsevne, og som er til inspirasjon for andre.

Med grunnlag i denne nominasjonen har Luster kommune vedteke at KULTURPRISEN for 2012 skal tildelast: Geirr Norman Vetti.



Tusen takk

Vetti takka for prisen og var overvelta over talen til ordføraren: - Berre eg kunne leve opp til halvparten av det han sa, ville det vore stort. Han fortsette med å skryta over kulturen i Luster. – Eg har reist mykje i verda, dei fleste kontinent og blir meir og meir slått av kor utruleg bra Luster er på natur- og kulturminne. Det er ein av indrefiletane i verda. Men han sa også at Luster enno ikkje har gripe moglegheita til å setja dette i system og utvikla det, og han håpa at politikarane i Luster kunne ta opp denne hanske ved eit seinare høve.



Dagleg leiar ved Breheimsenteret, Peder Kjærvik, tok mot prisen Årets bedrift 2013.

Breheim-senteret årets bedrift

I år går prisen «Årets bedrift» til ei bedrift som er 20 år. Verksemda har lege «nede» i nær to år, men er no betre enn nokon gong. Årets bedrift 2013 er Breheimsenteret i Jostedalen, sa ordførar Ivar Kvalen då han delte ut prisen under Lustramarknaden. Kvifor har så Breimsenteret AS fått denne utmerkinga?

Breheimsenteret vart opna i juni 1993 etter at planlegginga starta på slutten av 80-talet.

Breheimsenteret fekk ei svært god mottaking og vart eit populært reisemål både for regionale folk og den internasjonale turistmarknaden.

Utpå 90-talet var det behov for ei økonomisk strukturering, då gjekk lokale eigarar inn med ny eigenkapital. Breheimsenteret er i dag eigd av 8 personar busette i Jostedalen og Gaupne. I 1997 vart Breheimsenteret



utpeika av miljøvernminister Thorbjørn Berntsen som autorisert nasjonalparksenter for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Breimsenteret har heile tida vore sentralt for booking og informasjon om breturar, kajakkpadling og rafting. Breheimsenteret har og vore ein samlingsplass for fastbuande, turistar og guidar. Og den einaste plassen i verda som arrangerer brepubar.

Alle veit at 28. juli 2011 brann Breheimsenteret ned til grunnen. Det var ei trasig hending. Alt neste morgen var likevel Breheimsenteret i stand til å ta seg av turistar, takka vere god leiing og hjelp frå andre verksemder i området.

Eigarane avgjorde alt fyrste natta at Breheimsenteret skulle byggast opp att. Det var ikkje sjølvsagt. Forsikringsselskapet

synte velvilje og gamlearkitekten Rolf Sande sette i gang med teikninga.

No den 24. juni skal statsministeren opne det nye Breheimsenteret offisielt. Det er endå flottare enn før. Utstillingane er meir moderne, meir å delta aktivt på og meir å lære. Men Peder er den same.

Næringsutvalet seier fylgjande i grunngjevinga si: Breheimsenteret er ei verksemder publikum på ein god måte får lære om naturen og kulturen i området vårt. Breheimsenteret er ein viktig del av turistproduktet Jostedalen, Luster og Sognefjorden, og er eit signalbygg som profilerer området vårt på ein god måte.

Til lukke med prisen som årets bedrift.



Limtrebogane kom på plass i slutten av september 2012.



Gjester i det nye senteret 21. mai 2013.



Miljøvernminister Bård Vegard Solbjell la ned grunnsteinen 6. juli 2012.

Breheimcenteret opna etter brannen

Den 17. mai kunne det nye Breheimcenteret opne dørene for gjester, under to år etter brannen som øydeda det gamle senteret.

Etter brannen 28. juli 2011, midt i den travlaste turistsesongen, klarte senteret å halde drifta nokolunde i gang, med uvurderleg hjelp frå gode kollegaer i reiselivet, og stor innsats frå dei tilsette. Nigardsbreen Gjesteheim vart ny bookingsentral for alle aktivitetane, Jostedal hotell serveringsstad for tinga gruppelunsjar, og til og med det nedlagde Jostedal Eldresenter sitt kjøkken vart teke i bruk. I 2012 vart det rigga til eit mellombels senter på parkeringsplassen ved det gamle senteret. Det vart leidt inn kjøkkenccontainarar og eit stort telt, og såleis kunne ein ta imot gjester på ein fornuftig måte. Samstundes, frå fyrste dag, vart det sett i gang planlegging for bygging av nytt senter. Gjensidige Skadeforsikring, som var på plass rett etter brannen, var veldig klare: Breheimcenteret må byggast opp att slik det var. Det same meinte eigarane, og dermed starta prosessen.

Det var ikkje så enkelt som å berre ta teikningane frå 1993 og setje i gang. Mykje har endra seg, ikkje minst når det gjeld forskrifter og reglar for bygg. Men Arkitektkontoret 38 AS sette i gang med sine konsulentar, og i juni 2012 var det klart for byggestart. Med AH Bygg as som hovudentreprenør, med fagentrepreneurane Luster Energiverk, Røyrleggarservice Ola Skophamar AS, GK Norge AS, og andre tilknytte entreprenørar har arbeidet gått i rekordfart gjennom ein lang og særskald vinter. Temperaturar på mellom 20 og 30 kuldegrader har vore regelen snarare enn unnataket. Imponerande arbeid av alle har gjeve eit særskilt resultat.

Ingen tvil om at det er samla mykje god fagkunnskap i sognabygdene!

Parallelt med byggearbeidet har utstillingane vorte planlagde og produserte. Pål Thomas Sundhell, som laga utstillingane i det gamle senteret, har også denne gongen hatt

ansvaret for mykje av teikning og gjennomføring. Han og Einar Blikra er eit radarpas i utstillingsproduksjon, og saman med dei dyktige folka hos Sognefjord.net på Veitastrondi har dei produsert flotte utstillingar.

Interaktive installasjonar er ei presentasjonsform som eignar seg godt i eit nasjonalparksenter. Breheimcenteret engasjerte det islandske firmaet Gagarin ltd, og dei har laga 3 veldig flotte installasjonar, og det fine med slike ting er at innhaldet kan utvidast og endrast på enkle måtar. Dermed er det kun fantasien som avgrensar. Den 24. juni kjem sjølvaste statsministar Jens Stoltenberg for å føreta den offisielle opninga. Det blir ein stor dag.

Criusebesøk i teltet i juni 2012.





Nestleiar i styret i Luster Sparebank Ove Nyland, Sarah Fiskaa Haugen, Rune Fuglesteg, Karlis Bremers, Elin Susan Havreberg og nestleiar i banken, Gunnar Ruud. Sandra Solvi var ikkje tilstades under utdelinga.

Ungdomsstipend frå Luster Sparebank

Ungdomsstipendet vart etablert i 2004 og sidan den gongen har mange aktive ungdomar fått stipendet frå Luster Sparebank. Stipendet er meint å vere til inspirasjon og anerkjenning for dei mellom 16 og 24 år som har planar og ambisjonar om å utvikle seg innan sitt interessefelt.

I løpet av 10 år har banken delt ut 655.000 kroner i stipend til 55 unge, og under Lustramarknaden fekk fem nye ungdomar stipendet overlevert frå nestleiaren i styret i lokalbanken, Ove Nyland. Dei utplukka fekk 10.000 kroner kvar. Sandra Solvi (19) har vore medlem av danseverkstad og dansegruppa Illusion sidan

2006. Ho er danselinje på Bårdarakademiet. Ho vil nytta stipendet til utdanning m.a. ved Norges dansehøgskule.

Elin Susan Havreberg (19) har utdanning frå blomsterdekoratørlinje som lærling. Ho har vunne distriktsmeisterskap og norgesmeisterskap i blomsterdekorasjon. Ho er også utteken til å delta i internasjonale konkurransar. Elin Susan vil bruka stipendet til deltaking i konkurransar nasjonalt og internasjonalt. Karlis Bremers (20) har etablert Skjolden Tours AS og har m.a. kjøpt inn Rib-båt med plass til 12 passasjerar. Han driv turisttilbodet sitt frå Skjolden og vil nytta stipendet til

investeringar, kompetanseheving og marknadsføring.

Rune Fuglesteg (24) er utdanna røyrleggjar, men har no kjøpt ein nedlagt gard og 30 sau. Han satsar på gardsbruket sitt og vil nytta stipendet til kjøp av livdyr og til å dyrka oppatt garden.

Sarah Fiskaa Haugen (17) driv telemarkskjøring og har medaljar frå NM og har delteke både i VM og Verdenscupen i Telemark. Stipendet skal nyttast til utstyr og reiser.

Luster Sparebank er ein aktiv bidragsytar til lokalsamfunnet. Det ligg som grunnlag for alle aktivitetane mot lokalsamfunnet. Banken er oppteken av utviklinga i kommunen og har gjennom mange år nytta mykje midlar til å stimulere til vekst og utvikling.

Folketalsutviklinga i Luster kommune

Folketal	pr.01/01 -98:	5095
Folketal	pr.01/01 -99:	5035
Folketal	pr.01/01 -00:	5003
Folketal	pr.01/01 -01:	4954
Folketal	pr.01/01 -02:	4968
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/01-12:	5026
Folketal	pr. 01/01-13:	5041
Folketal	pr. 04/01-13:	5049

Endringar i 2013 :

Fødde: 18
Døde: 13
Innflytte: 50
Utflytte: 47

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.

NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.

Skyss for ungdom

Reglementet gjeld transport for ungdom mellom 13-19 år busette i Luster kommune.

1. Ein kan nytta bestillingstaxi til alle opne arrangement for ungdom i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs.
2. Eigenandelen vert sett til kr. 50 pr. person kvar veg når ein nyttar bestillingstaxi i Luster.
3. Andre i same taxi, men som er eldre enn 19 år, betaler full pris.
4. Minimum tal personar som skal følgje taxi er 2.

NM-vinnarar

Luster kommune heidra noregsmeistrane Sarah Fiskaa Haugen, telemark, og Hallvard Sørheim Evjestad, langrenn stafett junior-NM.

Foto: Terje Eggum, Sogn Avis.



Fagbrev i reinhaldsfaget

Desse fem var på Alexandra hotell den 12. april i år og fekk utdelt diplom for bestått fagbrev i reinhaldsfaget (reinhaldsoperatør). Frå venstre på biletet er: Jermund Hagen, Gerd Myklemyr, Jane Vinda, Anne Karin Sætrehaug og Mona Nyløy.

Nye lustringar



Fredrik Flattun 100 år

Ordførar Ivar Kvalen var på besøk til 100-åringen med blomsterhelsing frå kommunen.

Fredrik Flattun feira 100- årsdagen heime på garden Flattun i Gaupne. Her var heile familien til Fredrik samla med barn, barnebarn og oldebarn. I det flotte sommarveret vart det servert nydeleg mat, kaffi og kaker ute i hagen.

Fredrik vart fødd 26. mai i 1913 i Gaupne, vart gift med Tordis Kvåle frå Sogndal i 1948. Ho døydde i 2011. Dei arbeidde begge i mange år ved ÅSV/Hydro i Årdal til dei flytte heimatt til Gaupne. Fredrik bur no på Hafslø omsorgssenter.

Ordføraren takkar for ei triveleg stund i Flattun og takkar for at han fekk besøka deg på denne store dagen.

Rune Norskog og Lise Rønning

- *Fortel om dykk sjølve.*

Rune flyttet fra Vestfold høsten 2009 og Lise fra Stjørdal høsten 2012. Vi flyttet sammen da vi

kjøpte garden Skogly i Kroken. Lise jobber på Gaupne omsorgssenter og hos Kroken frukt og bær. Rune jobber på Ornes Båtbyggeri.

På fritida liker vi turer i skog og fjell og kanskje en båttur dersom været tillater det. Ellers er det ok arbeid på garden som oppussing, frukthage og vedhogst.

- *Kvifor flytte de til Luster kommune?*

Rune flyttet hit på grunn av arbeid og Lise flyttet hit fordi hun ville ha en miljøforandring og at vi vart kjærester. Vi liker godt det stille og rolige livet her, og trives veldig godt i Kroken.

- *Kva er det beste med å bu i Luster kommune?*

Det er godt miljø her på Sørsida og vi er blitt tatt godt vare på fra første stund. Dessuten er naturen og landskapet utrolig vakkert.

- *Kva kan Luster bli betre på?*

Tja, kanskje vegen på Sørsida kunne blitt bedre?



Ragnhild Ås og Knut Åge Teigen

- Fortel om dykk sjølve

- Vi er ein familie på tre som består av Ragnhild (37), Knut (43) og Tryggve (3). Ragnhild er frå Aure på Nordmøre, og Knut er frå Øvre Årdal. Både Ragnhild og Knut har utdanninga si frå Universitetet i Oslo – Ragnhild har hovudfag i nordisk språk og litteratur, medan Knut er utdanna lærar og journalist. Ragnhild har arbeidd blant anna som forlagsredaktør, lærar og nettredaktør, og etter mange år i Oslo flytta vi til Gaupne i januar 2013 fordi Ragnhild fekk jobb som flyktningkonsulent i Luster kommune. I august byrjar ho som høgskulelektor i norsk ved Høgskulen i Sogndal. Knut har teke med seg jobben sin som prosjektleiar i Snöball Film, eit filmselskap som har spesialisert seg på informasjons- og kunnskapsfilm, særleg retta mot elevar og lærarar. Han har heimekontor og pendlar til Oslo med jamne mellomrom. Han har også hatt nokre vikartimar ved Gaupne skule.

Kvifor flytte de til Luster

Solveig Seim Lysne og Bjørn Hesjevoll Winge

- Fortel om dykk sjølve.

Eg, Solveig, kjem i frå Vågå. Eg er utdanna forskulelærar og trivst veldig godt med det. Før eg gjekk ut i permisjon jobba eg i Gamlestova barnehage. Bjørn er oppvachsen i Gaupne, og etter han tok ingeniørlinja i Porsgrunn fekk han jobb på Statkraft som driftsingeniør. Eg var ikkje vanskeleg å få med til Gaupne. Sjølv om eg er i frå Vågå har eg feriert mykje til Årdal, sidan mor mi kjem derifrå. Me tek ofte ein helgatur til Seimsdaln der me har eit feriehus. I februar blei me foreldre til Viktor. Me kosar oss i Lustrabadet og har sjølvsagt årskort. Nyttar også turstiane i kommunen.

commune?

- Vi er glade i det både byen og bygda kan by på, men på sikt har vi alltid ønskt å bu på ein mindre plass, særleg etter at vi fekk barn. Det er nok av folk som flytta til Oslo, og på bygda er det god plass å boltra seg på. Det var ikkje heilt tilfeldig at det blei Luster. Vi har gode venner både i Sogndal og i Jostedalen, så vi har vore mykje i området tidlegare, og vi har fått eit godt inntrykk av både folket og naturen. Det er sjølvsagt også fint at Tryggve kan sjå besteforeldra sine oftare enn før.

Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

- Å, det er mykje! Det vi merka først, etter mange år i hovudstaden, var at det var utruleg behageleg å sleppa å reisa med overfylt T-bane på veg til og frå jobb. Det er også godt at det er kort veg til barnehage, treningsenter og alt vi treng av butikkar i det daglege, og ikkje minst at det er kort veg ut i det fri. I Oslo budde vi i tredje etasje i ei blokk, og det er utruleg lettvint at Tryggve no kan springa rett ut i ein stor hage og leika. Tryggve

har alltid vore glad i å bada, så det er stas at det er gåavstand til det flotte Lustrabadet. Vi har også møtt mange vennlege og hjelpsame folk her i

Gaupne, og vi kjenner oss svært godt mottekne i bygda. Og om vi får lengt etter det urbane, er det kort veg til Sogndal som både har kino og eit stort utval av butikkar.

Kva kan Luster bli betre på?

- Som flyktningkonsulent ser Ragnhild at det er eit behov for endå fleire frivillige einskildpersonar og særleg familiær som kan vera med og spela ei viktig rolle i integreringa av flyktningar i Luster. Ho oppmodar fleire om å meld a seg! Det kan dreia seg om alt frå leksehjelp til å invitera ein flyktning med på familietur ein søndag når ein likevel skal ut på tur. Det er ikkje så mykje som skal til, og det er ei veldig kjekk oppgåve!



Kvifor flytte de til Luster?

Me flytta til Luster fordi Bjørn fekk seg jobb her. Begge syns det er ein flott kommune. Mange moglegheiter innanfor friluftsliv. Og sjølv har eg ei god venninne frå Jostedalen som gjorde det lettare å flytta hit. Kjem også nærmare familien i Gaupne og Vågå. Luster har mykje kjekt å tilby, og det virkar som eit godt miljø å vekse opp i for guten vår.

- Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Det beste med å bu i Luster er den vakre naturen. Syns det er koseleg å helse på sauene rundt omkring i Gaupne. Er fascinert over at sauene titta ut vindauge når du går forbi. Om me vil ha ein shoppingtur, er det ikkje langt til Sogndal. Om sommaren har me Solvorn, Nes og mange

andre fine plassar å vera ved sjøen. Om vinteren er det mange skimoglegheiter. Og det er ikkje langt til skitrekk eller høgfjellet. Me har vore masse i Lustrabadet, og familien frå Vågå er mektig imponerte.

- Kva kan Luster bli betre på?

I Gaupne ynskjer me oss ein ordentleg bensinstasjon. Me kunne også tenkt å bygge oss hus, men saknar at kommunen tilbyr ledige tomter i Gaupne.





Opening. Alle deltagarane.

Nok eit vellukka UKM

Den lokale UKM gjekk av stabelen på Fjordstova i Skjolden. Både deltagarar, arrangørar og dommarar var godt fornøgde.

- Eg er sjølv sagt glad for å gå vidare. Det er godt å få ein ekstra konsert, i tillegg er det moro å representer kommunen på ein så stor arena, seier Henning Lad, ein av dei som gjekk vidare. Han gjekk vidare med gruppa Henning og Oddvar, der han og Oddvar Vigdal spelar og syng.

Originalt

- Det trur eg er fordi at me ha noko originalt, og har skreve vår eiga låt, svarar Lad på spørsmålet om kvifor akkurat dei gjekk vidare.

Sjølv om domarane var godt fornøgde med kven som skulle representer Luster var ikkje Lad sikker sjølv.

- Eg hadde eit håp om at me skulle koma vidare, men var slett ikkje sikker.

Kva forventningar har du til fylkesmønstringa?

Eg forventar å få nye kontaktar og venner innanfor musikk og anna kultur, i tillegg

til at me skal få til ein bra sceneprestasjon.

Fekk frysningar

Dommar Borghild Prestegård er ikkje i tvil om kva ho meiner om årets utgåve av UKM.

- Det var eit fantastisk høgt nivå og eg er utruleg imponert av samlege deltagarar. Eg fekk frysningar fleire gonger under mønstringa, seier ho.

På spørsmål om kva som imponerte henne mest svarar ho, etter ein kort tenkepause,

- Det er at me har talent i heile kommunen, heilt frå Hafslo og inn til Skjolden som leverar så bra.

Dette var første gong ho var dommar i UKM, men har ingenting imot å være med neste år også.

- Det hadde eg ikkje sagt nei til, seier ho med eit lurt smil.

Færre påmelde

Leiar i Ungdommens kommunestyre og ein del av arrangørteamet, Julie Hatlevoll, var godt fornøgd med årets UKM.

- Me har brukt mykje tid på dette her. Det har vore mykje planlegging i lang tid før arrangementet her på Skjolden. Dessutan jobbar me fleire timer

før deltagarane kjem, og nokre timer etter dei har reist, men det var verkeleg verdt det, seier Hatlevoll, før ho legg til:

- Me fekk ei flott kulturmønstring og eg er veldig godt fornøgd med gjennomføringa.

Kva har vore det vanskelegaste?

- Å få deltagarane til å melda seg på. I år har me ikkje hatt så mange som tidligare, men alle dei som kom var veldig flinke.

Klare for Fylkesmønstringa

Desse artistane, kunstnarane og gruppene gjekk vidare til fylkesmønstringa som vart arrangert i Førdehuset i april.

- Torkjell Venjum gjekk vidare med musikkvideoen "The One That Got Away".
- Henning og Oddvar gjekk vidare med sin eigenlaga sang, som er namnlaus.
- Audun Moseng med sin heimelaga melodi "Firebird".
- Andrea Fiskaa Haugen, Eirin Fiskaa Haugen, Kjetil Matias Hermansen Stegegjerde og Siri Sandvik kom vidare med

"Luster sine beste" – Lustramarknaden



*Henning Lad
og
Oddvar Vigdal.*

*Jostedal
Rockeverkstad –
Absolutt
ingenting.*

danseframvisninga "Crusli ein knasande god blanding".

- Jostedal Rockeverkstad gr.2 gjekk og vidare, dei spelte den gamle Beatles klassikaren "Come Together".
- Andrea Elisabeth Bjørk kom vidare med fotoet "Snøprinsesse 1".
- Eline Skogstad Øvreås vidare med fotografiet "Sibelius".
- Elin Walaker Lunde kom i år, som i fjor vidare med fotografi, denne gong med bildet "Blad".
- Marte Bergset gjekk også vidare, med fotografiet "Blomst".



*Jostedal
Rock-
verkstad –
Øyresus.*

PS. Me kan også leggja til at Henning og Oddvar presterte og gjekk vidare til Landsmønstringa – Lustranytt gratulerer!



Jostedal Rockeverkstad – Green Pants.



Marte Bergset, "Blomst"



Eline Skogstad Øvreås, "Sibelius"

Ungdomens kulturmønstring har flinke fotografar

Av Maja Saur Ødegård, Ingrid Flåten Molland, Andrea Elisabeth Bjørk, elevar ved Luster ungdomsskule 9. klasse.

Søndag 3. mars var det lokalmønstring på Fjordstova i Skjolden. Med bra oppmøte, karismatiske konferansierar og flotte sceneinnslag vart dette ein vellukka kveld. Det var i tillegg fire ungdomar som fekk utstillinga si vidare til fylkesmønstringa i Sogn og Fjordane. Fleire publikummarar meiner likevel at utstillingane vert lagt for lite vekt på. «Utstillingane vart litt i bakgrunnen i forhold til sceneinnslaga», seier Simen Weka, som var i publikum under årets UKM.

Me har intervjuat både publikum, ein dommar og ein deltakar. Alle var einige i at det var ein bra kveld, og dei koste seg mykje. Konferansierane var morosame, underhaldninga mellom innslaga var bra, og ikkje minst både danseopptreden og musikkinnslaga. Programma i år var veldig gode, og sjølv om det

var færre innslag i år enn det var i fjor, vart det ein minst like stor suksess. Sjølv om alle gjorde det bra, er det berre nokre få som får gå vidare. ”Eg tykkjer det var rettferdig dømt, og eg syns dei som kom vidare fortente det! Dei valte ut ifrå om dei var flinke eller ikkje, og ikkje ut i frå personane og kor godt dei kjende kvarandre, noko som eg syns var veldig bra!”, seier Eline Skogstad Øvreås, som kom vidare til fylkesmønstringa med det eine biletet sitt.

Ikkje alle deltarane sine verk blir lagt like mykje merke til, verkar det som. Alle som har blitt intervjuat var einige i at biletene vart sett litt lite fokus på, og vil gjerne at biletene skal få meir merksemd. ”Dei vart litt i bakgrunnen, og kunne godt komme lenger fram!”, seier Kamilla Weka, som også var publikum under årets lokalmønstring. ”Det var så mange folk i vegen, så eg fekk ikkje sjå biletene. Det var sikkert ikkje på så mykje dei kunne gjøre for at bildene skulle bli lagt meir merke til heller”, fortsett klassekamerat Ingrid Alme.

Nokre av dei me har intervjuat kom òg med idear til korleis ein kunne legge meir merke til biletene. ”Dei kunne ha plassert dei inne i salen, for då ville det vere lettare å sjå dei, noko som er viktig”, meiner Joar Bolstad, som var dommar for både sceneinnslaga og biletutstillinga. Aina Kvam, trommis i bandet Jostedal Rockeverkstad, kom med eit anna eksempel: ”Det var mest fokus på dei på scenen og lite fokus på bildene som var hengt i gangen. Dei kunne henge der dei var, men i tillegg vist biletene på storskjerm”. Ho vil og understreke at programmet var særskilt morosamt, samt flinke konferansierar. Ho tykte dessutan det var kjekt å spele trommer og sjå på dei andre som opptrødde. I tillegg til betre plassering, kunne også konferansierane sagt noko meir om biletene. Det dei gjorde var å introdusere dei, saman med fotografen. Dersom dei hadde hatt ein pause mellom innslaga, kunne publikum gått ute og sett på biletene, og då kunne biletene ha blitt introdusert før.

Dei fire jentene, Marte Bergset,

Anette Stegegjerdet Norberg (AP) er vald som medlem i formannskapet

Etter at kommunestyret innvilga søknad frå Torunn Gauteplass Hønsi om fritak frå kommunale verv, vart Anette Stegegjerdet Norberg innvald i formannskapet, administrasjonsutvalet og valstyret. Hanne Teigen er valt til varamedlem i formannskapet, og varamedlem i samarbeidsutvalet ved Gaupne skule og Gaupne barnehage.

Karita Hjelmeland har rykka opp som fast medlem i kommunestyret.



Elin Walaker Lunde, Andrea Elisabeth Bjørk og Eline Skogstad Øvreås har fire



Elin Walaker Lunde, "Blad"

flotte biletene som dei stilte ut på Fylkesmönstringa i Førde i april. Her vil me løfte fram dei fire bileta dei har teke.


Alt i alt er UKM eit flott arrangement for ungdom, der dei kan vise fram talentet sitt innan alt frå foto til musikk til tryllekunst. Me syns det er viktig at me unge i kommunen får ha ein kveld der me får sjå andre talent på vår alder, samtidig som me kan vise fram det me sjølv likar å drive med!

Me har laga nokre forslag til å synleggjera utstillingar betre på UKM:

- Dersom bileta blir vist på storskjerm i tillegg til å bli stilte ut, ville dei fått meir merksemd
- Bileta kunne verte sette

inne i konsertlokalet, slik at det ikkje blir trontg når publikum skal sjå på utstillinga

- Etter konserten reiser dei fleste opp i kafeen, og dersom bileta vert sett der, hadde fleire fått sett på dei.



Andrea Elisabeth Bjørk,
"Snøprinsesse 1"

In Motion. F.v: Renate Fredheim, Marianne Bakken, Alice Brendstuen, Malene Kvam, Jonas Flaten, Tea Høyheim, Kjersti Næss, Marita Kvalsvik.

Luster Danse- verkstad

Luster Danseverkstad blir drive av ungdom for barn og ungdom – ein metode kalla ung-til-ung formidling. Sidan oppstart i 2005/06 har frivillig ungdom vore ung-instruktørar og gitt hundrevis av barn og unge dansegledje i sine lokalmiljø i Luster kommune. Dei siste åra er danseverkstaden leia av instruktørgruppa In Motion i samarbeid med instruktørgruppa Impression. 8 ungdom i alderen 17-19 år er med i instruktørgruppa In Motion.

Sommaren 2013 reiser In Motion til Italia på danseturné med framsyninga «The Last Dance». Dei vil og vise framsyninga i Sogndal kulturhus 27. juni, der alle er velkomne til og sjå kva dei skal vise i Italia. Det blir i tillegg ein framsyning etter Italia turen.

Luster kommune ynskjer å takke In Motion dansegruppe for kjempeinnsats som instruktørar i Luster Danseverkstad.

Ung-instruktørane underviser 11 dansegrupper i veka, i alder 5 -18 år. I tillegg til å

Impression dansegruppe med eksamensbevis, saman med dansegrupper fra Leikanger, Balestrand, Hyllestad, Førde og Flora

vere utøvande dansarar, ung-instruktørar og koreografar, blir det jobba bevisst med og vere gode førebilete for våre elevar. Vi fokuserer på meistring, sjølvstilling, sosialt miljø, toleranse og rusførebygging. Me ynskjer å vise at det er mogeleg å sette seg mål og å nå dei. Kvart semester blir avslutta med ein storslegen elevforestilling. Rundt 250 tilskodarar kjem for å sjå alle dansarane på scenen! Vår frivillige innsats viser at ungdom er ressursar og tek ansvar for eit godt oppvekstmiljø!

Impression
dansegruppe tek over som instruktørar for heile danseverkstaden hausten 2013. Impression har gjennom heile

2012 og 2013 gjennomført treningshelgar i samarbeid med «Dans utan grenser». Dette er undervisning som dei må gjennom dersom dei skal bli Ung – instruktørar. Under treningshelgene har dansarane fått undervisning av dyktige instruktørar frå både Bårdar danseakademi og Kunsthøgskulen i Oslo.

5. – 7. april vart det arrangert eksamenshelg på Leikanger. Alle dansarane framførde kvar sin sjølvkomponerte dans. Dansarane i Impression dansegruppe bestod med glans og er no klare til å overta som Ung - instruktørar i Luster Danseverkstad.





Ustillinga om Beheimen nasjonalpark vart offisielt opna av ordførar Ivar Kvalen.



Kulturdagsprisen 2013 vart tildelt Torhild Hov Bolstad.

Kulturdagane på Skjolden

Det er mange som opplever mai og juni som uvanleg flotte dagar med alt frå blomstring i hagane til våryre og nyfødde lam. På Skjolden har denne årstida også fått eit høgdepunkt i å samlast under «paraplyen» Kulturdagane. Lat det med ein gong understrekast at i dei 25 åra Kulturdagane har vorte arrangerte så har paraply vore eit framordord å rekna.

Med to cruiseskip ved kai vart potensialet for publikumsrekord passert før opningsseremonien var i gang, og tilstrøyminga av både lokale og tilreisande var framifrå.

Lustranytt fekk også høve til å henta ut synspunkt fra dei som hadde anna språk enn lustradialekt,

og gjennomgåande var det to forhold som vart framheva: "For eit fantastisk stykke Noreg de bur på", og som ekteparet frå Sheffield i England bad oss formidle til dei som hadde med det å gjera: "Alt er så velstelt, ryddig og reint her på Skjolden".

Programmet starta med Dale skulemusikk som alltid skapar ei flott ramme på arrangementet, og vart avslutta med eit fyrverkeri av ein konsert med innviing av det flotte pianoet som er kjøpt inn til Fjordstova. På pianokrakken slo Roland Johanson an dei første tonane som me vonar det vert mange av heretter, og Einar Bolstad imponerte på nytt med si framifrå sangstemme. Få hadde vel kanskje sett føre seg at programmet skulle bli avrunda med «stepping», men med programmet «Rastløse føtter» fekk publikum ei onnorleis musikkoppleving som i seg sjølv var eit stort utropsteikn for Kulturdagane 2013.



Veteranbilar, - buss og -lastebil finn også vegen til Skjolden under Kulturdagane. Samla sett er denne mönstringa meir enn «kultur på vegen», den er også med på å framheva det handverket som ligg bak det å få køyretøyet på vegen.

Schimmel-pianoet med Anders Bolstad, Roland Johanson og Einar Bolstad.





Indre Hafslø oppvekstsenter:

UTESKULEN VÅR - ein arena for leik og læring

Kvar fredag kl. 10.50 står 21 elevar klare med sekk på ryggen, det er tid for uteskule. På veg til uteskulen går me også ofte innom barnehagen for å ta med førskuleungane.

Den faste uteskuleplassen til Indre Hafslø oppvekstsenter ligg flott til i nærområdet til skulen og barnehagen. Her er det lavvo, bålpllass, to leikehytter, vedahus, bord og benker. Eit område som innbyr til både leik og læring. Uteskuledagen startar alltid med ei FysAk-økt. Fysisk aktivitet og fag er oppvekstsenteret sitt satsingsområde dette skuleåret, og då er det flott å

kunne legge ei av desse øktene kvar veke til uteskulen. Rundt uteskuleområdet har me to faste FysAk-løyper, ei kort og ei lang, og begge løypene har 12 postar. Kva innhold postane har varierer frå veke til veke, men det har samanheng med det elevane har jobba med den siste veka. Etter FysAk økta er det tid for grilling og matpause. Me er så heldige å få bruke 4-H klubben sitt bål-utstyr, og her har me tilgang på både bålpanne, grillrist, grillpinnar, vaffelkakejern, toastjern og mykje anna. Mange av elevane har med seg grillmat, og alle

kosar seg med å grilla og ete maten sin. Nokon sit inne i lavvoen når dei skal ete, medan andre sit ute. Denne hausten/vinteren har me vore svært heldige med veret, så det har ikkje vore problem med å sitje ute og ete.

Etter mat er det tid for leik, og då må ein som voksen lure seg rundt i buskene for å sjå på alt det positive som skjer. I vår travle kvardag blir det ofte lite tid til rolleleik, men når elevane kjem på uteskulen er det rolleleiken som dominerer. Og det som er det beste er at ALLE ER MED. Det er ingen av





elevane som ikkje er i leik den stunda dei er på uteskulen. Etter leikestunda er det tid for fagleg arbeid og mange lurer nok på kva fag ein kan putte inn i ein uteskule. Naturfag er nok det faget ein først tenkjer på, men på uteskulen kan ein få plass til dei fleste fag. Kroppsøving, kunst og handverk og matte er fag ein godt kan jobba med ute. I fjor vår bygde elevane to leikehytter på området vårt, og her vart det mykje matematikk i tillegg til kunst og handverk. På uteskulen lærer elevane å ta vare på naturen og kvarandre så RLE er eit fag me jobbar med kvar gong. I vinter var det skular som deltok i prosjektet «ski i skulen». Me har ikkje delteke i dette prosjektet, men likevel hadde me ski i skulen kvar

fredag i fleire månader. På Indre Hafslo er me så heldige at naboen til skulen, Håvard Vinda, lagar flotte skiløyper på Vindamyrane og desse løypene får me bruka. Så i februar og mars har elevane våre hatt mykje skileik, og dei har gått mange rundar på ski rundt på Vindamyrane.

Men no er det vår også på Indre Hafslo, og det betyr at det blir liv i myra på uteskuleområdet vårt. Å studere livet i ei myr er kjekt, der er det mygglarvar, rumpetroll og andre småkryp som er fine å studere for både små og store. Og bjørka vår, Kjetil, som 1. klasse har følgt sidan me starta på skulen i haust den har no fått grønt fint lauv. Tenk så heldige me er, me som kvar fredag kan ta naturen i bruk til både leik og læring. Me lærer å bli glade i naturen

rundt oss, me lærer å ta vare på kvarandre og me lærer å kle oss etter det veret me har. Eit ekstra vottapar i sekken er det lurt å ha, noko me ikkje minst fekk erfare den første fredagen i mai. Då laga elevane på Indre Hafslo oppvekstsenter dette skuleårets siste snømann.

Me tykkjer at me har ein utruleg flott uteplass, men det me ynskjer oss aller mest no er ein ny lavvo der det er plass til alle, ei ny gruve der me kan bruke det flott bålutsstyret vårt og ei oppgradering av naturleikane på uteskuleområdet. Så til hausten håpar me at ein dugnad kan gjere til at uteskuleplassen vår blir enno finare enn no, for me er alle samde om ein ting UTESKULE er ein flott plass for både leik og læring.





Form og farge


på Indre Hafslo oppvekstsenter, barnehage

I april jobba me i barnehagen mykje med fargane i regnbogen. Me jobba både inne og ute med ulike materiale. Dette tykte både ungar og vaksne var kjekt.

Inne fekk borna for eksempel velje seg ein farge og laga bilete berre med den fargen, men i ulike nyansar og ulike materiale.

Ute laga me regnbogen på ein trestamme i skogen. Me surra masse farga tråd rundt treet. Dette kan ein sjå frå barnehagen.

I vinter laga me mjølkekartonghus. Dette vart eit heilt prosjekt som også involverte foreldra. Alle var flinke å ta med kartongar til barnehagen. Borna var med å konstruere og bygge huset.



Sykkelopplæring ved Gaupne skule

I årsplanen til Gaupne skule er det 4. klasse som har sykkelopplæring om våren. Ein av ordensreglane våre seier at ein har ikkje lov å sykle til og frå skulen før etter gjennomførd sykkeldag om våren i 4. klasse. Så når elevane starta i 4. klasse hausten 2012 var ein av forventningane deira å ta sykkellappen.

Veke 19 starta opplæringa og det var mange spente fjerdeklassingar. Me starta i klasserommet med å sjå to sykkelfilmar som Trygg trafikk har liggjande på nettsida si. Desse filmane var det mange som såg heime òg ilag med dei vaksne. Neste dag møtte alle elevane opp med sykkel og hjelm. Me delte klassa i to. Den eine gruppa sykla i nærmiljøet og den andre trenar på skuleplassen. Etter ein halvtime bytte me gruppe. Dei som sykla i nærmiljøet trenar på å halde avstand, sykle på rekkje, sykle på høgre side, svinge, bruke armen som teikn når ein skal svinge, stoppe og gå attmed sykkelen over fotgjengarfeltet, vikeplikt, namn på ulike skilt og generelt om korleis me oppfører oss i trafikken når me er syklist. Tysdag i veke 20 gjorde me akkurat det same, men den eine gruppa sykla ein tur i bygda for å møte trafikken.

Onsdag 15. mai fekk me besök av politiet. Det var ein lydhøyr gjeng som var flinke til å høyre etter og dei stilte spørsmål til politimannen. Han syntet også elevane kor viktig det er å bruke hjelm ved å demonstrere det med egg. Etter samlinga inne i klasserommet var det klart for å reise ut og hente sykkelen og hjelmen. Elevane stilte seg opp på ei rekkje. Politimannen sjekka syklane og hjelmane, og han var veldig fornøgd.



Politiet sjekkar sykkelen.



Rekorden på sinkesykling, 5 meter, var 18 sekund.



Så kom den store dagen då elevane skulle ta både den praktiske sykkelprøva og teoriprøva. Det var flott innsats og alle besto! Ein kry gjeng som fekk kvart sitt sykkelkort. No kan dei sykle til og frå skulen kvar dag.




Bokstavleg talt «halde tunga rett i munn».



På skuleplassen var det laga til ei løype med ulike øvingar som slalåm, kanal, stopp/start, sinkesykling, balanse, vippeplanke og bremseprøve.



Utgangspunktet var brukte, gamle sykkelslangar.



Tinga blei stilt ut på biblioteket på Hafslo.



Isak forer mobilveska si.

Dei nye valfaga i ungdomsskulen er i gang!

På Hafslo kan elevane på 8.trinn velje mellom «Friluftsliv» og «Design og re-design».

I valfaget design og re-design skal elevane lære å jobbe i dei ulike fasane i ein designprosess fram til eit ferdig produkt. Det er to hovudområde: Designprosessen og Produktet.

Behov/Undersøking/funksjon og krav

Designaren må sette brukaren sitt behov i sentrum. Det er viktig å finne ut kva brukaren ønskjer og treng, og setje mål for oppdraget. Elevane skal lære å stille spørsmål og finne svar på spørsmåla, til dømes: Kven er brukaren? Kva for behov er der? Kva finns frå før? Kva finns ikkje? Dei skal lære å kartlegge behov, få svar og utifrå det kunne argumentere for dei vala dei tek. Dei skal systematisere opplysningane dei får og utarbeide ei kravspesifikasjon

og ordne sine notat/ skisser og teikningar: Produktet skal/bør/kan...

Idear og prinsipp/detaljform

Elevane må kunne sjå kva som er mogeleg, og arbeide ut ulike idear. Det kan vere å jobbe med skisser både todimensjonalt og tredimensjonalt, til dømes prøve direkte i materiale og dokumentere utprøving i tekst og bilete. Læraren kan setje i gang ulike kreative prosessar i tråd med ide-utviklinga. Det er ikkje sikkert at «vanlege måtar» å gjere ting på er best. Til slutt må elevane velje ein av ideane. Denne ideen må dei gje ein materiell form. - Kva for materiale, dimensjon, overflate, detalj, plassering av detaljar, osb. skal dei velje? Elevane må også øve på handverksteknikkar og prøve ut i materiale. Vurdering og utveljing gjer dei utifrå ulike krav til form,



Alexander jobbar med å lage mobilveske.



Flinke og ivrige elevar i arbeid.

funksjon, estetikk, produksjon og utifrå behovet til brukaren / oppdragsgjevaren.

Prototyp og ferdigstilt produkt
Utkast til produkt, materiale og teknikk vert presentert for brukaren/ oppdragsgjevaren, og produktet blir betra etter ønskje, og gjort ferdig. Til slutt skal elevane presentere prosessen og produktet på grunnlag av designprosessen, og grunngje dei vala dei har gjort. Ofte går desse fasane i og om kvarandre, og må somme tider bli avgrensa av læraren, i einskilde eller fleire rammefaktorar.

Miljøperspektiv

Elevane på Hafslo starta faget med å samle inn gamle sykkelslangar frå sportsbutikkar i Gaupne og Sogndal (takk til dykk!) og tok med brukte, øydelagde slangar heimafrå. Bruksområde for sykkelslangar i eit miljøperspektiv: Smykke, belte, mobilhaldar, vesker, klesplagg osb. Læraren viste ein

serie med ulike produkt som var laga av gamle sykkelslangar, som inspirasjon for elevane. For å starte med noko enkelt skulle elevane lære korleis materialane oppfører seg ved klipping, nagling, sying ol. På denne måten skulle dei komme fram til idear til produkt. Elevane fekk lære å bruke enkle verktøy som holtang,

nagletang og andre relevante samanføyningsteknikkar som vert brukt for å lage smykke og andre bruksgjenstandar. Dei fekk ulike materiale som maljer, smykkestrikk, perler, borrelås, salmakartråd, karabinkrokar, enkel veskelås, glidelås og anna, i tillegg til sykkelslangane. Her viser dei fram eit utval av det dei har laga.



Kaja Marie lagde mange flotte smykke



ME'N'U

ME'N'U er ein ungdomsklubb med fokus på at ungdommen skal ha ein plass å være. Ungdomsklubben er open annankvar fredag med mange ulike aktivitetar.

Annankvar fredag møtast opp mot 50 ungdomar frå 8. klasse og opp til 18 år kvarandre og har det sosialt saman på ME'N'U som er open kl. 19.30-23.00, men det er plass til fleire! Klubben består av eit ungdomsstyre og eit vaksenstyre. Ungdomsstyret er samansett slik: Leiar Marte Bergset, nestleiarar Randi Alme og Elin Walaker Lunde, kasserar Henrik Thorsnes Lefdal, styremedlemar Oddvar Vigdal, Stian Listou, Leon Fuhr, Irene Steig (UK) og Eirik Glendrange.

Medan vaksenstyret består av representantar frå IL Bjørn, Den Norske Kyrkja i Luster, Luster Frivilligsentral, Gaupne ungdomslag og Luster kommune.

Elin og gutane kosar seg på ME'N'U. Frå venstre: Rune Storli, Henning Lad, Elin Walaker Lunde, Ådne Øvrengen Røneid og Eirik Glendrange.

Spreke ungdomar spelar volleyball i idrettshallen.





Tine-stafetten

Ungdomsklubben ME'N'U har i løpet av det siste halvåret hatt mange kjekke aktivitetar for ungdom, mellom anna open hall og aking med DNT ung.

Vårens aktivitetsplan har hatt mange ulike aktivitetar. I februar fekk ME'N'U-styret ei utfordring med at ungdom ikkje møtte opp. Dette førte til at ungdomsstyret måtte tenkje nytt. Det enda opp med den mest suksessrike kvelden det siste året: Open hall 12. april. Denne kvelden var hallen open heile natta med mange ulike aktivitetar. Dette vart så populært at det vart prøvd opp att 26. april med same suksess.

ME'N'U oppmodar alle til å møte opp og at foreldre vil motivera ungdomane sine til å møte opp på desse kveldane.

Ungdomsklubben treng no til hausten nye og arbeidsdyktige ungdomar i styret! Har du ei dotter/son, eller er du ungdom sjølv som er interessert? Må vere fødd før 2000. Kontakt gjerne Henrik Thorsnes Lefdal.

Tysdag 14. mai vart Tinestafetten arrangert for 20. gang for 5. - 9. klasse. For andre året var alle lustraskulane samla til Tinestafett. Hafslo barne- og ungdomsskule var arrangør, og arrangementet vart prikkfritt arrangert i Moane under flotte vèrtihøve.

Alle skulane i kommunen var med, og i overkant av 260 deltagarar fordelt på 32 lag deltok i dette flotte arrangementet. Innsats, konsentrasjon og vinnarviljen

hjå elevane var på topp. Dei av elevane som ikkje kunne delta, stilte som ivrige supporterar og heia fram laga sine.

Deltakarane fekk nye flotte T-skjorter, og etter stafetten vart alle premiert med god drikke. Vinnarlaget i år kom frå 9. klasse på Luster ungdomsskule.

Det er veldig kjekt at me kan samle alle skulane i kommunen til eit slik arrangement, dette er med på å bygge ein positiv lustraidentitet hjå ungdomen.

Blås grønt natt til 17. mai

Natt til 17. mai vart det arrangert "Blås grønt" i Soltun, ungdomshuset i Gaupne. Her var det 68 ungdomar i alderen 13-19 år som bles grønt og var med i trekninga av ein iPad 3, ein iPad mini, 2 iPod Touch og eit gavekort på Pyramiden på 2000 kroner.

Arrangementet starta klokka 19.30, der var det planlagt at ME'N'U skulle ha kiosk og Hauk skulle ta seg av grillinga. Dagen før oppstod det eit problem med at Hauk ikkje kunne stille. Dette var dumt, men ME'N'U tok saka i eigne hender og laga hamburgarar.

Utover kvelden vart stemninga på topp og det såg ut som alle ungdomane som hadde møtt opp koste seg. Synne Heen Veum var ein av dei som møtte opp denne kvelden og ho sa: «Det er kjempekjekt og sosialt. Eg møter ungdom som eg ikkje møter så ofte, at me ungdommane i Luster blir samla på slike arrangement er veldig bra!» Synne fortel også: «Ballspel, dansing, biljard, kortspel er også med på å gjere Blås grønt til ein fin kveld!» Alt i alt vart Blås grønt eit vellukka arrangement.

Vinnarane av premiane var Benedicte Saur, Tonje Vigdal, Ida F. Svåi, Randi Alme, David H. Skinntveit. Premiane deira vart delt ut på scena i rådhusparken under Lustramarknaden.

Info frå legekontoret

Endring fastlegelister

Frå 1. juni er det gjort endringar i fleire av fastlegelistene. Dette er i hovudsak skuld i seniortiltak. Truls Rogstad har dei siste åra hatt deleliste med Anne Kjær Schmidt, denne ordninga er no slutt og begge har fått ei listelengde på 600 kvar. 600 personar blir fordelt til Truls Rogstad, dei andre på lista blir fordelt til Anne Kjær Schmidt. Det er Helfo som gjer alle endringar, legane kan ikkje påverke dette. Det vil alltid bli litt misnøye med slik endring, men alle kan bytte fastlege 2 gonger pr. år. Legekontoret har no 165 plassar ledige fordelt på 4 legar, det 61 fleire en før.

Byte av fastlege skjer på nett frå Helfo si heimeside. Gå til MinFastlege. Ein kan og gå via legekontoret si heimeside; www.lusterlegekontor.no

Betalingsautomaten

Legekontoret blei kontantlaust frå sist haust. All betaling må skje via betalingsautomat. Det har vore ein del problem i oppstarten, dette er no langt på veg løyst. Hugs at betaling best skjer med betalingskort som i ein butikk. Dersom du nyttar kontantar, kan du ikkje nytte større setlar enn 200 kroner. Det er mogleg å få assistanse om behov.

Ny legebil

Legekontoret har nå fått ny legebil. Det er ein VW Golf med firehjulsdrift. Den er uniformert og har god plass til alt aktuelt akuttmedisinsk utstyr.

E-resept

Legekontoret tok i april i bruk E-resept. Dette er ei stor forbetring og gjer langt betre oversikt over pasientane sin

medisinbruk. Når legen skriv resept, blir den sendt til ein Reseptformidlar. Alle apotek og bandasjistar kan logge seg på Reseptformidlaren og ekspedere vara. Det einaste ein treng er å legitimere seg på apoteket. En kan altså hente ut medisin frå alle apotek om ein er på reise i Noreg og har gyldig resept. Bestilling av E-resept hos fastlegen er gratis. Dei som har papirresept skal bruke denne så lenge den er gyldig.

ePortal

Legekontoret har i juni installert ein ny funksjon i fagprogrammet som heiter ePortal. Det vil bli jobba med å få dette i drift nærmeste tid. ePortal vil kunne gje pasientane tilgang til timebestilling direkte i timeboka. Ein kan da kunne bestille time utan å bruke telefon/stå i telefonkø. Ein kan og bestille reseptar hos fastlegen. Det er og mogleg å ha ein eKonsultasjon = e-post med fastlegen. Det vil seie enkle

spørsmål som ein elles ville teke på telefon. Fastlegen kan og sende informasjon/eBrev til pasientane.

All bruk av ePortal skjer via Helsenettet. All e-post er kryptert og heilt sikker. Ein skal ikkje nytte kommunal e-post. Fordelen med ePortal er at pasientane kan kommunisere mot legekontoret / fastlegen når som helst på døgnet.



Korleis går det med Samhandlingsreforma?

Samhandlingsreforma er ei retningsreform kor staten vil at kommunane skal ta større ansvar for behandling av pasientar samt tydeliggjering av ansvar for førebygging. Bakgrunn for dette er den demografiske utviklinga i landet. Mange kallar det Eldrebølle, men bølgjer går over - det gjer ikkje dette. Vi vil få langt fleire eldre i vårt samfunn og vi må då organisere oss betre.

Stortinget har vedtatt to lover som stiller krav til kommunane; Lov om folkehelsearbeid og Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.

Luster kommune har teke grep i folkehelsearbeidet med etablering av Frisklivssentral og har elles stor aktivitet innan det førebyggjande arbeidet. Tilboden i Frisklivssentralen er no til personar i yrkesaktiv alder som er, eller står i fare for å bli kronisk sjuke og som har behov for tilpassa fysisk aktivitet, depresjonsmestring,

For å kunne svare på telefonen til legekontoret så raskt som mogleg ynskjer vi at så mange som mogleg nyttar e-post til legekontoret / fastlegen.

Denne nye ordninga saman med betalingsautomaten, gjer legekontoret i stand til å følgje opp fastlegeforskrifta frå 1/1-13 som stiller krav om responstid på telefonen.

ePortal vil kunne vere eit trygt og godt tilbod til hørselshemma og døve. Dette er pasientgrupper som i dag må ha hjelp frå andre for å kommunisere med legekontoret.

ePortal er heilt nytt for oss. Vil har som mål å få dette i god gjenge innan nærmaste tid. Informasjon om dette vil bli lagt ut på www.lusterlegekontor.no



I fjor var pasient Kjellbjørg Smedegård innom korttidsavdelinga. Her er ho flankert av lege Anne Kjær Smidt (t.v.) og sjukepleiar Tone Thomassen.

kosthaldsretteliing og hjelp til å slutte å røykje. Tilboden er gratis. Fastlegane gir ut grøn resept.

Kommunen har frå før ei rekke tilbod til eldre; tilbod til besøk heime for dei over 75 år, balansekur, trim for eldre ol. Målet er å førebyggje sjukdom og skadar.

Samhandlingsreforma stiller krav til at kommunane tek unna meir av behandling for kronisk sjuke med avklara sjukdom. Dette gjer kommunen ved å ha etablert KA (korttidseining på Gaupne omsorgssenter) der det er to akuttsenger (augeblikkeleg hjelp-tilbod).

Kva har vi fått til?

I det første driftsåret (2012) har vi klart å redusere forbruket av spesialistsenger i medisinsk avdeling med vel 20 % (rate pr. 100 innbyggjarar målt mot gjennomsnittleg forbruk siste 4 år før), og reduksjon i forbruk for eldre over 80 år med 22,5%. Vi tek imot alle utskrivingsklare pasientar. Vi kan seie at Luster kommune allereie første driftsåret har oppfylt intensjonane i Samhandlingsreforma.

Når det gjeld communal

medfinansiering, kom kommunen ut med eit overskot på vel 700.000 for 2012.

Prognosene for 2013 er ein del høgare.

Vi opplever at dei aller fleste pasientar og pårørande er godt nøgde med behandlinga dei får på KA. Det blir arbeidt systematisk med kvalitet og prosedyrar. KA er no godt rigga for å fylle sin funksjon.

Augeblikkeleg hjelp senger i ein kommune er nytt og pr. i dag er det berre to kommunar i fylket som gjer slikt tilbod. Fleire kommunar samarbeider om slike tilbod. Den ordninga har vore på plass, ser det ut til at dei kommunane som er lengst vekke frå tilboden, nyttar det minst. Nærleik til tilboden er viktig, men kvaliteten på tilboden er avgjerande. Luster kommune ligg langt framme i etablering og drift av augeblikkeleg hjelp-senger. Ei rekke andre kommunar i fylket har vore på vitjing for å høre om våre erfaringar. Vårt mål er å leve trygge og gode tilbod til aktuelle pasientgrupper.

Staten arbeider med å inkludere psykisk helse og rus i communal medfinansiering, dette vil gje oss nye utfordringar i framtida.

Til arbeidsgjevar som tilset utanlandske arbeidaran:

Tuberkulosekontroll – ei lovpålagt plikt for arbeidsgjevar og arbeidstakar

Personar frå land med høg forekomst av Tuberkulose, som skal opphalde seg i landet i over 3 månader har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøking. Denne undersøkinga omfattar eit røntgenbilde av lungene og skal gjerast snarast mogeleg etter ankomst.

Du som arbeidsgjevar pliktar å sjå at resultat av undersøkinga føreligg med negativt resultat før arbeidaren startar i jobben. (Forskrift om tuberkulosekontroll, kapittel 3, § 3-1 og 3-2).

Om Tuberkulose (TB)


Mange land i verda har framleis høg forekomst av tuberkulose. 1/3 av verdas befolkning er smitta av tuberkulose, og kan difor utvikle sjukdom. Ein person med aktiv lungetuberkulose er smittsam for alle i sin omkrets. Over 85 % av dei som har tuberkulose i Noreg er frå utlandet.

Praktisk gjennomføring

Ta kontakt med Luster helsestasjon med opplysingar om utlendingar som skal starte i arbeid hos deg. Dei tilviser personen til røntgen. Røntgenavdelingane er behjelpelege med å setje opp timar slik at gjennomføringa kan tilpassast. Førde: 578 39390, Eid: 578 64100, Lærdal 57640100, Florø 57751141.

All TB-undersøking er gratis, utgifter med reise, inkludert eigenandel, vert refundert ved å fylle ut reiserekningsskjema. Dersom ein unnlèt å møte til røntgen utan å avbestille timen, vert det kravd eit gebyr på kr 307,-.

Lege som tilviser til røntgen mottek svaret elektronisk innan 2 dagar, samt papirversjon pr post.



Dersom familien til arbeidaren kjem til landet for å busetje seg her (i 3 månader eller meir) skal desse også kontakte helsestasjon for å få vurdert behovet for tuberkulosekontroll og vaksinasjonar. Vi ber om at de hjelper oss å informere om dette.

Oversikt over land

med høg tuberkulose forekomst er på folkehelseinstituttet si nettside. Pr mars 2013 gjeld dette følgjande land:

Europa: Bosnia-Hercegovina, Grønland, Kosovo, Romania og alle land i det tidligere Sovjetunionen: Armenia, Aserbajdsjan, Estland, Hviterussland, Georgia, Kasakhstan, Kirgisistan, Latvia, Litauen, Moldova, Russland, Tadsjikistan, Turkmenistan, Ukraina og Usbekistan.


Amerika: Belize, Bolivia, Brasil, Den dominikanske republikk, Ecuador, Guatemala, Guyana, Haiti, Honduras og Nicaragua.

Oceania: Marshalløyene, Guam, Kiribati, Marianaøyene, Mikronesia, Niue, Palau, Papua Ny-Guinea, Salomonøyene, Tuvalu og Vanuatu.

Asia: Midtosten: Irak og Jemen. Øvrige Asia: alle land unntatt Japan, Singapore og Maldivene.

Afrika: Alle land unntatt Mauritius, Komorene og Seychellene.

Kontaktpersonar: Jorunn Ødegård, Anne Helen Strandabø, Knut Cotta Schønberg. Tlf. 57685605/06



Marknadshelg i Jostedalen

Nest siste helga i juli skal det vere marknad i Jostedalen. Som vanleg kan Jostedal Ungdomslag by på moro for liten og stor i Dølaheimen og samfunnshuset. Alle punkt på programmet er ikkje klare enno, men me kan love skathelleturnering, sandvolleyturnering, loddsal, buskspel, veteranbilar, barneleikar og grilling. Og sjølvsagt vert det ein heidundrande marknadsfest i Dølaheimen laurdag kveld.

I samfunnshuset kjem Norman Kjærvik til å syne bilete frå dei siste fire tiåra så her vert det rikeleg moglegheit for diskusjonar om kven er kven og kvar er kvar i Jostedalen sin nære historie.

Familien Røyseth frå Dale stiller med Jacob Sande program. Vel møtt til marknad 20.-21. juli. Bill. mrk. pølse til liten, mølse til stor.

Jostedal Ungdomslag finn du på Facebook.




Vigdalen

var arena for avslutningsprogrammet under Lustramarknaden i år. Arrangørane hadde gjort alt for at tilreisande til fots og med bil skulle få både «hus og mat». Allsongkonserten i det gamle skulehuset, no grendahuset, måtte gjentakast tre gonger grunna det store frammøtet. Men den flotte kombinasjonen med skulesongane med Indre Hafslo Spelemannslag, forteljar og skulemeistar Malvin Moen og grillmatten servert ute på skuleplassen gjorde det heile til eit minnerikt arrangement for dei om lag 150 frammøtte.



Kulturvandring vart det heile tre av under årets Lustramarknad. Hafslo sogelag starta med turen frå Krossen til Kjos og Luster sogelag saman med Jostedal Historielag avslutta med turane opp frå høvesvis Dalsdalen og Ormbergstøl til skulehuset i Vigdalen. Med framifrå guiding er dette også ei flott formidling av historie og kunnskap om ei ferdsle som for mange har gått i gløymeboka.

Vandringa frå
Ormbergstøl:
Husa i Skaret
er diverre til
nedfalls.





VAL 2013

Valdagen for Stortingsvalet er mandag den 9. september.

Valkort

Alle som står i manntalet får tilsendt valkort. Her vil det vere informasjon om opningstid på vallokalet. Dersom du vil førehandsrøyste, tek du med valkortet ditt. Servicetorget kan skrive ut nytt valkort om du skulle ha forlagt det kortet du får i posten.

Legitimasjon

Vallova seier at ein veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste. Legitimasjon kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilet.

Står du i manntalet?

Du vil bli manntalsförd i den kommunen og den valkrinsen som du ifølgje Folkeregisteret er busett i den 1. juli 2013. Frå ca 20. juli kan du sjekke om du står i manntalet.

Hovudmanntalet vil bli lagt ut på biblioteket i Gaupne og på servicetorget på rådhuset. Krinsmanntala vil bli lagt ut slik:

Coop Nærkjøp Fortun, Coop Nærkjøp Skjolden, Joker Luster, Ornes hos Urnes gard v/ Odd John Bugge, Indre Hafslo oppvekstsenter avd. barnehage, Spar Hafslo, Solvornbui, Joker i Jostedal, Matkroken Veitastrond.

Du kan også ringe servicetorget, 57 68 55 00 og spørje om du står i manntalet.

Klage på manntalet

Dersom du meiner at du sjølv eller nokon annan urett er blitt innført eller utelatt frå manntalet i kommunen, kan du krevje at feilen blir retta opp. Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve, og sendast til: Luster kommune, valstyret, 6868 Gaupne.

Informasjon:

På www.luster.kommune.no vil det bli lagt ut relevant valinformasjon fram mot valdagen.

Du finn og mykje god sentral informasjon på www.valg.no

Førehandsrøysting

Det er høve til å førehandsrøyste i servicetorget på rådhuset i Gaupne i tida 12. august til 6. september.

Opningstid for ordinær førehandsrøysting:

10.august – 16. august	kl. 08.00 – 15.00
19. august – 4. september, måndag – fredag	kl. 08.00 – 15.30
Laurdag 31. august	kl. 10.00 – 14.00
Torsdag 5. september	kl. 08.00 – 18.00
Fredag 6. september	kl. 08.00 – 20.00

Du kan førehandsrøyste her i kommunen hjå oss i servicetorget, eller du kan førehandsrøyste i ein anna kommune. Om du eksempelvis studerer i Bergen, kan du førehandsrøyste der. Då vil Bergen kommune sende røysta di til Luster. Om du røystar i eigen kommune, er røystegjevinga om lag som på valdagen. Du blir kryssa i manntalet og får legge røysta rett i urna. Om du røystar i anna

kommune, legg du røysta i 2 konvolutter og den blir sendt til kommunen der du er manntalsförd. Ta kontakt på rådhuset i den kommunen du vil førehandsrøyste i.

Tidlegrøysting:

Har du problem med å førehandsrøyste etter 10. august, får du høve til å røyste "tidlegrøyst" frå 1. juli til 9. august. Ta kontakt på servicetorget.

På institusjonar vil det bli eiga førehandsrøysting.

Dei som bur på institusjon treng ikkje ta med legitimasjon. Alle veljarar har høve til å førehandsrøyste på institusjon, både bebruarar, tilsette og andre veljarar.

Hafslo omsorgssenter:

Tysdag 3. september kl. 11.00 – 13.00

Luster omsorgssenter:

Onsdag 4. september kl. 10.00 – 12.00

Gaupne omsorgssenter:

Torsdag 5. september kl. 11.00 – 13.00

Stortingsvalet

Parti som stiller til val i Sogn og Fjordane

Fylkesvalstyret i Sogn og Fjordane har godkjent 13 listeframlegg til valet:

De Kristne Sogn og Fjordane
 Demokratene i Norge
 Framstegspartiet Sogn og Fjordane
 Høgre Sogn og Fjordane
 Kristeleg Folkeparti Sogn og Fjordane
 Kystpartiet Sogn og Fjordane
 Miljøpartiet De Grønne i Sogn og Fjordane
 Piratpartiet i Sogn og Fjordane
 Raudt Sogn og Fjordane
 Senterpartiet i Sogn og Fjordane
 Sogn og Fjordane Arbeidarparti
 Sogn og Fjordane Venstre
 Sosialistisk Venstreparti Sogn og Fjordane

Meir informasjon om vallistene finn du på www.sj.no

Røysting på valldagen 9. september

På valldagen har me 10 opne vallokale i Luster kommune. Du kan røyste i den valkrinsen du er manntalsförd, eller i ein annan krins i kommunen. Eksempelvis kan ein person som bur i Jostedal røyste i Gaupne. Du kan ikkje røyste i andre kommunar.

Vallokale:

Fortun grendahus
 Fjordstova
 Luster oppvekstsenter, samfunnshuset
 Rådhuset
 Ornes bedehus
 Indre Hafslo oppvekstsenter (ny)
 Veitastrond skule
 Hafslo samfunnshus
 Solvorn oppvekstsenter
 Jostedal samfunnshus

Opningstid:

Kl. 12.00 – 18.00
 Kl. 12.00 – 18.00
 Kl. 12.00 – 18.00
 Kl. 10.00 – 20.00
 Kl. 12.00 – 17.00
 Kl. 12.00 – 18.00
 Kl. 12.00 – 18.00
 Kl. 10.00 – 19.00
 Kl. 12.00 – 18.00
 Kl. 12.00 – 18.00

Røysterett til Stortingsvalet har:

Norske statsborgarar som

- vil ha fylt 18 år innan utgangen av valåret og som
- er, eller nokon gong har vore, folkeregisterførte som busette i Noreg, og som
- ikke har mist røysteretten sin etter Grunnlova § 53.


Tilsette i diplomatiel eller konsulatstellet og husstanden deira har røysterett sjølv om dei ikkje oppfyller busetningskriteriet. Dersom dei ikkje nokon gong har vore registrert som busett i Noreg, skal dei manntalsföraast i Oslo kommune.

For å kunne røyste ved stortingsvalet, må du stå innført i manntalet i ein kommune.

Røyste heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til. Søknadsfrist er torsdag 5. september.

Du treng ikkje søkje skriftleg. Kontakt Luster kommune, servicetorget, 6868 Gaupne. Tlf. 57 68 55 00. Desse veljarane vil då få avtalt røystebesök av to røystemottakarar der dei held til.



Dina Krog Paasche - fyrste kvinnelege politikaren frå fylket

I år kan vi feire at kvinner i Noreg har hatt allmenn røysterett i 100 år. Kjelda 1/13 skriv at kampen var lang og seig, og ære vere dei kvinner og menn som heldt ut, fremja framlegg på framlegg i Stortinget og tolte dei mange nederlaga. I 1901 kom det fyrste gjennombrotet med kommunal røysterett. Stortingsvedtak opna då for at kvinner fekk kommunal røysterett på vilkår. Kvinner som betalte over ein viss sum i skatt eller som var gifte med menn som betalte slik skatt fekk sin stemmerett.

Då Luster kommunestyre konstituerte seg 28. desember 1901, finn ein ei einsleg kvinneunderskrift blant dei 32 representantane, Dina Paasche. Geraldine Helene Fredrikke Krog Paasche (1851-1922), vart ikkje berre den einaste kvinnan i Luster kommunestyre, men også den einaste i heile Nordre Bergenhus Amt.

Kven var Dina Krogh Paasche? Ho var dotter til stortingsrepresentant og sokneprest Hans Jensen Krogh og Ingeborg Kristine Endresen. Kjelda skriv at det er all grunn til å tru at Dina voks opp i ein

Biblioteket markerer røysterettsjubileet

Det er ei utstilling på hovudbiblioteket på Pyramiden der du kan sjå bilet og aktuelle bøker rundt temaet kvinner og røysterett. Utstillinga vil stå ut september månad.

Velkommen inn!



*Truleg er det familien til doktar Einar Paasche og kona Geraldine Helene Fredrikke, kjend som Dina Krog som sit i midten med hekletøy.
Fotograf: Johan Rumohr Døsen. Datering 1900 – 1902.*

heim den nye radikale tankar fekk feste og samfunnsdebatten var ein del av kvardagen. I den nærmaste Krogfamilien finn vi også kvinnesakszionistane Gina Krog og Ida Cesilie Thoresen Krog, som var gift med bror til Gina, Fredrik Arentz Krog. Ida var Noregs fyrste kvinnelege student, og ei av dei som saman med Gina Krog stifta den fyrste kvinnesaksforeninga i landet, Norsk Kvindesagsforening i 1984. Dette var banebrytande damer som skapte debatt og blest, og det er naturleg å tru at når Dina Krog stilte til val på upolitisk liste i Luster hausten 1901, ja så kom dei radikale

ideane og inspirasjonen i stor grad frå slekta og miljøet, skriv Kjelda.

I 1887, 36 år gammal, gifta Dina seg med enkemannen og legen Einar Paasche (1849-1931). Dei budde på garden Nygård i Luster. Kva som gjorde at Dina fekk så mange røyster at ho vart innvald i kommunestyret er uvisst, men Kjelda skriv at ho må ha hatt eit godt ord på seg, nettverk som støtta henne og ein personlegdom som ikkje har provosert men engasjert omgivnadane. Det er få spor etter Dina Krog

«Mat for minsten»

To ettermiddagar i mai arrangerte helsestasjonen i samarbeid med fylkeskommunen sitt folkehelsearbeidkurs i å lage barnemat. Tilbodet vart gjeve til foreldre med dei «ferskaste» lusteringane. Åtte foreldre deltok gjennom to ettermiddagar.

Bakgrunnen for kurset er at ein som nybakte foreldre ofte er usikker på om det ein lagar sjølv er godt nok ernæringsmessig og for «sikkerheits skuld» vert då glas og pakkar løysinga.

Det vart laga fruktmosar, grønsaksmosar, grautar av ymse slag og mykje god middagsmat.

Ved å lage maten sjølv fekk kursdeltakarane erfaring med at gode råvarer gir gode smakar, maten vert fri for alle slag av tilsetjingsstoff, ein får store variasjonsmogelegheiter og det tek slett ikkje lang tid. Overgangen til familien sitt kosthald vil og gjere det lettare då ungen har fått «lært seg å like» god mat. Mange gode

Paasche. Familien flytta til Sarpsborg i 1906. Lustranytt vil gjerne marknadsføre Kjelda, Fylkesarkivet sitt magasin, der de kan lese meir om Dina Krog Paasche og om kvinner sin røysterett. Kjelda er tilgjengeleg på biblioteket.

Lustranytt skulle gjerne ha nemnt fleire politiske kvinner i Luster, Jostedal og Hafslo i samband med jubileet for allmenn kvinneleg røysterett. Det har ikkje vore høve til å samle data kring dette no, men det er mogleg me kan gjere det til Lustranytt som kjem til jul. Me tek gjerne imot tips frå publikum om kvinnelege politikarar gjennom 100 år, etter Dina Krog.



stunder på kjøkkenet i lag med minsten er også verdifullt å ta med seg.

Ved å samanlikne med kjøpte produkt fekk ein erfare kor smakfull og god mat ein kan lage sjølv og dessutan har ein betre kontroll på sukker- og saltinntak, ein viktig faktor i det

helsefremjande arbeidet.

Planen er at ein til hausten skal samlast att, utveksle erfaringar med dei ulike rettane og laga ei lita «kokebok» som kan kome mange til nytte.

Kurset vart tilrettelagt i regi av Luster vidaregåande skule og kurshaldar var Gry Tokvam.

Eldrerådet informerer:

Tannhelsekontroll for alle frå fylte 75 år

Regjeringa startar på eit tannhelseløft for eldre. Alle innbyggjarar vil annakvart år frå det året dei fyller 75 år, få ein stønad på 800 kroner ved tannlegebesøk.

Formålet med stønad til tannhelsekontroll er å avdekka/ diagnostisera sjukdomsutvikling på eit så tidleg stadium som mogleg, for dermed å kunna forhindra vidare sjukdomsutvikling og avgrensa omfanget av nødvendig behandling. Stønadsordninga gjeld frå 1. juli 2013, og vert gjeve annakvart år frå og med kalenderåret ein fyller 75 år. Det vil sei at frå 1. juli til 31. desember 2013 vil alle som er fødd i årstalet 1938, 1936, 1934, 1932 osv. har rett til stønad til slik kontroll. Dersom kontroll og diagnose avdekkar behov for behandling, vil eventuell stønad til behandling verta dekka i grunnlag til dei reglar som gjeld for stønad frå folketrygda.



Johannes Lad er leiar i Luster eldreråd.

LUSTRABADET

Opningstid sommar i Lustrabadet

I sommar har me eiga opningstid i skuleferien 24. juni - 18. august: Alle kvardagar kl. 13 - 20 og helg kl. 10 - 17.30. Etter skuleferien er me tilbake til vanlege opningstider, men følg med på heimesida og facebook for eventuelle endringar!

Me har passert eit halvt års drift!
 Det første halve året har vore hektisk og spennande! Fra opninga 26. oktober og til slutten av mai har me totalt hatt over 38 000 glade badande gjester! I løpet av dei første 5 månadene i 2013 nådde me nesten 26 000 besökande. April og mai er erfaringsmessig frå andre badeanlegg rolege månader og dette kjende også Lustrabadet på. Med eit gjennomsnitt på 6000 inne pr. mnd. i januar, februar og mars, blei gjennomsnittet i april og mai på 3800. Me er likevel storfornøgd og dette er naturlege svingningar som me vil bli kjent med utover året.

Ca halvparten av badegjestene har vore besök frå årskortinnehavarar, men me har hatt mykje besök frå Sogndal, Leikanger, Lærdal, Årdal og andre deler av Sogn og Fjordane. Vinter- og påskeferie var til tross for godt vér svært godt besøkt. Me kunne dokumentere mange ferierande som såg sitt snitt til å lufte badebuksa; frå Bergen, Drammen, Molde, Lillehammer, - berre for å nemne nokre få stader. Aktivitetsnivået på noko meir

organisert symjing og trening har i løpet av få månader blitt høgt. Instruktør Janne Sætherbø og Linda Goldmann har hatt kurs i babysymjing i heile vår. Det har vore populært og i september kan ein vente fleire kurs, både vidaregåande kurs i babysymjing og kurs for dei litt eldre borna med vatntilvenjing og småbarnssymjing. Me har hatt fleire faste grupper på tysdagar som har hatt sine treningstimar, treningscenteret har vore inne og hatt faste aquazumbatimar og trening for gravide, og Luster turlag har hatt fleire kveldar med kurs i kajakkkrulling. Det har òg vore mange skuleklassar, barnehagar, barselgrupper, idrettslag osv. som har hatt sine sosiale kveldar eller avslutningskveldar i badet. Kafeen har sakta men sikkert auka tilbodet av mat og drikke. Det går mykje is og braincooler på ein slik plass, og det høyrer jo heime også i slik temperatur! Det er ei utfordring å skape ein meny med mat som er rask å lage og som ikkje gir mykje svinn. Me vil fortsette vidareutviklinga i kafeen, og me ønskjer gjerne innspel!

Vikar for dagleg leiar
 Dagleg leiar Nina Gudevang går i juli ut i eitt års svangerskapspermisjon og Lustrabadet har funne ein særdeles god vikar i stillinga hennar. Helga Kalhagen starta i 50 % stilling i midten av mai for å kunne ha ein



Helga Kalhagen skal vikariere som leiar ved Lustrabadet i eitt år medan Nina Gudevang har barselpermisjon.

overlappingsperiode der ho får med seg korleis det fungerer i driftsselskapet. Nina Gudevang seier det er ei kompleks stilling med eit stort og breitt ansvar som Helga no skal ta over det neste året.

Helga kjem frå Gaupne, er 46 år og har utdanning innan økonomi, administrasjon og leiing. Sidan 2006 har ho jobba som internasjonal koordinator og rådgjevar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Før det hadde ho leiarstillingar i databransjen med sete i Oslo.

Helga har vore ein svært aktiv kunde av Lustrabadet sidan det opna og er veldig motivert for stillinga som dagleg leiar det året Nina er i permisjon. Fokuset hennar vert spesielt å oppretthalda god tryggleik for dei badande og dei tilsette, at kundane og dei tilsette skal trivast og utvikling av tenestene og kundegrunnlaget til Lustrabadet innan dei økonomiske råmene som badet har.



Utekulpane på ein av dei mange kalde dagane i februar.

Opningstid

Måndag:	06.30 – 08.30 & 15.00 – 22.00
	Skulesymjing frå 9-15
Tysdag:	Reservert til kurs, gruppetime, samt ulike grupper, lag og foreiningar.
Onsdag:	12.00 – 21.00
Torsdag:	06.30 – 08.30 & 15.00 – 22.00
	Skulesymjing frå 9-15
Fredag:	12.00 – 21.00
Laurdag:	11.00 – 18.30
Søndag:	11.00 – 18.30

Opningstid sommar 24. juni - 18. aug.

Alle kvardagar: 13.00-20.00

Helg: 10.00-17.30

Totalt besök 2012: 12 600 stk

Gjennomsnitt besök pr dag 2012: 200 stk.

2013:

Januar:	6050 stk
Februar	5600 stk
Mars:	6600 stk
April:	4100 stk
Mai:	3600 stk

Gjennomsnitt besök pr dag 2013: 175 stk.

Barnehagetilbodet på Hafslo 2013-14

Hafslo barnehage skal rehabiliterast og byggast ut. Arbeidet startar 10.juni 2013 og skal avsluttast til oppstart nytt barnehageår i august 2014. I byggetida skal Hafslo barnehage vere i Gamlestova barnehage.

Barnehageåret 2013-14 skal Per Rune Joranger vere leiar for barnehagen, Solveig Løkkebø nestleiar.

Frå 10.juni vil barnehagane ha felles telefonnummer : 576 85 850

Felles heimeside frå 15.august 2013 : www.luster.kommune.no/gamlestova-barnehage



Ny Hafslo barnehage.



Frisk satsing i landbruket

Til liks med dei fleste andre kommunar i Noreg har det også i Luster skjedd ei stor avskaling frå landbruket siste åra. Frå tusenårsskiftet og fram til i dag har talet på sjølvstendige kyr- og geitemjølk-produsentar i kommunen vorte halvert, og talet på sauehalldalarar har gått ned med over 40%.

Me må vel sjå i augo at ein del av inntektsutviklinga i landbruket må takast gjennom effektivisering og auka driftsomfang, og då vil det gå ut over talet på sjølvstendige brukseiningar. Men ei slik utvikling er diverre ikkje samanfallande med Luster kommune si eiga målsetjing om «folk i fleire hus», der eit aktivt landbruk i alle deler av kommunen spelar ein viktig rolle.

Det som i tillegg gjev grunn til uro, er at produsert mengde både av mjølk og kjøt i kommunen også har gått ned, at ikkje auka produksjon hjå dei som er att i landbruket, har vege opp for bortfallet hjå dei som har slutta. Det er ingen grunn til at ikkje landbrukskommunen Luster skal ha såpass ambisiøse mål at me skal halda på marknadsdelene våre, og ikkje ta vår del av opptrappinga som ligg i stortingsmelding nr. 9 (2011 – 2012) om landbruks- og matpolitikken, «Velkommen



Oddvar Neset (t.v.) og Kurt Heggestad saman med 224 innkjøpte killingar, midlertidig oppstalla i innleigd fjøs.

til bords», som forutset 1% produksjonsauke kvart år i takt med venta auka etterspurnad etter mat på grunn av høgare folketal.

Men her er lyspunkt! Luster kommune har gode ordningar for landbruket for å gjera det lettare for bonden å gjennomføra framtidssretta investeringar, mellom anna når det gjeld bruksutbygging. For tida opplever me ei gledeleg utvikling på dette området. I løpet av 2012 og 2013 har Luster kommune i lag med Innovasjon Noreg gjeve finansiering til fire utbyggingsprosjekt for geit med eit samla dyretal på 460 mjølkegeiter til ein kostnad på nær 17,0 mill. kroner.

I same tidsrommet er det gjeve delfinansiering til to bruksutbyggingsprosjekt for sau med eit samla dyretal på 350 vinterføra sauher og kostnadsoverslag på over 5,0 mill. kroner, samt tre prosjekt innan mjølkeproduksjon på kyr med nær 80 årskyr og ein samla kostnad på om lag 14,0 mill. kroner. Fleire søknader er dessutan under utarbeiding og handsaming, både innan tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringer til landbruket. Veitastrand er den store geitebygda, her finn ein tre av dei som for tida har bruksutbygging på gang innan den produksjonen. Alle bruksutbyggjarane på geit er også med i prosjektet «friskare geiter», som medfører at heile geiteflokkane skal skiftast ut for å få bukt med plagsame sjukdomar som har blomstra opp over tid.

To av dei som har valt å satsa på geit er Oddvar Neset og Kurt Heggestad. Neset og Heggestad rosar Luster kommune sine gode ordningar innan landbruket og er veldig klåre på at utan finansieringshjelpa frå kommunen og Innovasjon Noreg ville det vore uråd for dei å satsa som dei gjer.



Kurt Heggestad er ferdig med grunnmuren til den nye fjøsen som skal romma 130 mjølkegeiter.



Landbruksdagen samla mykje folk.

Landbruksdag i Luster

I samband med landbruksministaren si vitjing i Luster vart det arrangert landbruksdag i Gaupne med ulike foredragshaldarar og dagsaktuelle tema måndag 18. mars. Møtet var ope for alle, og fann stad på Pyramiden Senterkafé. Det vart fullt hus med om lag 100 frammøtte.

Trygve Magnus Slagsvold Vedum vart ynskt velkommen av ordføraren og han heldt eit innlegg om «Kvífor satsa på landbruk i Luster?» Det kom innspel og spørsmål frå fleire i salen.

Anders Felde frå Breim bondelag snakka om «Bonden som bedriftsleiar» og snakka varmt om dei moglegheiter ein har som

næringsutøvar i landbruket. Han viste eksempel frå sin eigen gard når det gjeld tekniske løysingar, korleis han utvikla bedrifta si og planar framover.

Jo Helge Sunde er prosjektleiar i TINE. Han tok for seg utviklinga innan mjølkeproduksjonen i heile fylket. Luster er og har vore ein viktig kommune for mjølkeproduksjon. Men han viste også at Luster har hatt ei negativ utvikling i produsert volum og at volum per bruk ikkje hadde utvikla seg slik som i ein del andre kommunar. Sunde avslutta med å vise til moglegheitene som ligg i Luster med økonomiske ordningar som gjer det meir lønsamt å investere her enn i andre deler av fylket.

Oddvar Sandal, bygningsplanleggjar i TINE, presenterte bygningsløysingar for mjølk i sitt innlegg. Ny driftsbygning er ei tung investering. Det er viktig at arealet vert så lite som råd og at det er god flyt i fjøsen for å redusere både investeringskostnader og få til god drift. Bruk av eksisterande bygningsmasse kan redusere investeringskostnadene.

Anders Konglevoll, prosjektleiar Reime, viste nye bygnings- og føringsløysingar for sau. Reime har utvikla og er forhandlar for mange løysingar og hjelpemiddel til sauehald. Fagverksdragar og drenerande golv, forkasse og lettgrindar, elektroniske vekter, kraftforautomat og mjølkepulverapparat var blant produkta som vart presentert. Magnus Snøtun fortalte korleis dei gjer det i Jostedal samdrift. Dei bygde fellesfjøs for vinterfora sau, og organiserer drifta slik at det både vert effektivt, økonomisk lønsamt og god effekt av samarbeid.

Rune Lotsberg frå Innovasjon Noreg hadde ein gjennomgang av BU-strategi og finansieringsordningar. Til slutt fortalte landbruksjefen, Steinulf Skjerdal, om kommunale støtteordningar til landbruket.



F.v. ordførar Ivar Kvalen, landbruksminister Trygve Magnus Slagsvold Vedum og formann i Hafslo Bondelag, Claus Moe.



FOLK I FLEIRE HUS

Bulystkonferansen
på Skei i Jølster 9. og 10. april
vart gjennomført i fin stil!

Bulystkonferansen blir arrangert av kommunane Gloppen, Jølster og Luster, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Arrangørane har som mål å etablere konferansen som ein nasjonal arena for kunnskaps- og politikkutvikling om tema som er viktige for norske bygdekommunar. I år var det tredje gongen den vart arrangert. Tema i år var «Arbeidslyst + Bulyst = Blilyst»

Mange norske bygdekommunar har hatt vekst i folketallet siste åra, og mykje av denne veksten skuldast innvandring. Også i Luster er det tilfellet. Ved årsskiftet var det 5041

Nytt frå «Folk i fleire hus»

innbyggjarar i kommunen. Det har vore ei positiv utvikling sidan 2008. Trenden er likevel ein god vekst i Gaupne og Hafslo og stabilisering i andre bygder. Jostedalen og Veitastrond har framleis nedgang.

Ein vesentleg grunn til folkeauken kan knytast til austeuropeisk arbeidsinnvandring med familietilflytting. Bulystkonferansen såg i år nærmare på korleis kommunane tek i mot desse nye innbyggjarane og korleis er det å vere utanlandsk innflyttar i ei norsk bygd.

Frå Luster kom Atle Gandrudbakken og heldt eit innlegg om «Globalisering og lokale effektar. Evne til

omstilling og utvikling. Erfaring frå NTP-Avery Dennisson.» I dag er det tilsett 88 norske, 17 frå Litauen, 3 frå Polen, 2 frå Bosnia og ein frå England, Slovakia, Mexico og Filipinane i bedrifta i Gaupne. Han fortalte om korleis det var å etablera seg her og utviklinga fram til i dag. Eit viktig moment i foredraget hans var å sjå på lokaliseringa til bedrifta i eit såkalla «utkantstrøk» som ein rammebetingelse. Han plasserte rett og slett Gaupne som midtpunkt i verda og viste oss kva fortrinn ein slik rammebetingelse kan gje.

Sindre Kinnerud frå Flash Studio, Oppdrag Sognefjorden, heldt eit anna innlegg som omhandla Luster. «Kan ekstremsport i vakker og spektakulær natur skape bulyst,



Konsert

Konserten i Gaupne kyrkje i Lustradmarknadsveka med LaJoMa og Indre Hafslo Spelemannslag med gjesteartistane Helga Farestveit, Mirjam Tverberg, Einar Bolstad og Bjørn Gisle Seter fekk strålende tilbakemeldingar. Her er Bjørn Gisle Seter (t.v.) i duett med Einar Bolstad. Til høgre Arne Nesheim på sologitar.



stoltheit og positiv utvikling i norske utkantar?»

Han fortalte om kor viktig det er å sjå mulighetene til eit område. Under filminnspelinga var dei bevisst på å bruka humor og matopplevingar og visa kva kan ein livnære seg av i området i tillegg til å fokusera på flotte naturopplevingar. Fimen har vore med på å skape oppfatning av stadene dei har vore i, skapt stoltheit over å komme frå eit område.

Eigen oppleving - og medieskapt oppleving - set standarden for

kvar folk vil busetje seg. Du kan finna foredrag og anna informasjon om konferansen her: www.bulystkonferansen.no
Prosjektet Folk i fleire hus er i innspurten før avslutning
 I 2012 vart det 7 eigedomsskifte og 8 hus leigd ut der prosjektet har vore involvert. 10 nye innbyggjarar er flytta til kommunen i samband med dette. I tillegg har det vore ein del flytting innanfor kommunegrensene. Vi har blitt kontakta av fleire interesserte kjøparar/leigebuarar, lista har no passert 40. Dei siste er

personar spesielt interessert i friluftsliv, par som planlegg tilbakeflytting, samt tilflyttarar med ynskje om bestemt område dei vil busetja seg i. Eigara som har hus eller gardsbruk til sals eller utleige har også teke kontakt. Det er eit eigedomsskifte under arbeid, og fleire hus der vi prøvar å finne dei «rette» personar til. Det er fint å sjå korleis dei som har fått tak i hus og gard gjennom prosjektet skapar positive ringverknader og får enno fleire folk i sine eigne hus og andre hus!

I Fortun jobbar ein med å reklamera for ledige hus saman med ledige næringslokale i gamleskulen og bygdelaget si satsing på å utvikla nye klatrefelt i tillegg til klatresteinene på «Krukla».

I Kroken er det gjort det same. Der er det hus til leige, ledige lokale til kontor og småskala matforedling i Fjordatunet i Kroken.

Vi planlegg å ha ei markering som avslutning av prosjektet i august.



Sogn Fruktrute

Sogn er det eldste fruktområdet i landet. Det første vitnesbyrd om epledyrking skriv seg heilt tilbake til slutten av 1100-talet, då kong Sverre gjekk i land nedanfor Aldinshagen i Vik. Opp gjennom historia har det vore eit stort mangfald av frukt- og bårdyrking i Sogn. På dei beste stadene kan vi dyrka aprikos og druer berre 3 mil frå Jostedalsbreen sin evige is.

I samband med Fylkesmannen sitt prosjekt «Frukt og bær rundt neste sving» har gardsbruk og bedrifter organisert seg i nettverket "Sogn Fruktrute" og tilbyr ulike opplevingar. Du kan enten bu midt i ein frukthage, få servert mat, bli med på guida turar, overnattat eller få kjøpa friske bær og frukt eller foredla produkt som syltetøy, saft og juice.

I Luster har vi desse stoppestadane i Sogn Fruktrute: Eidsneset i Skjolden, Lerum sitt saftmuseum på Sørheim, Vetle-Kroken og Teiganaustet i Kroken, Urnes Gard ved stavkyrkja på Ornes og Sandvik Camping i Gaupne.

Du kan lesa meir om Fruktruta på www.sognefjord.no under attraksjonar.



Stor interesse for ei framtid i Sogn



Onsdag 13. februar arrangerte Framtidsfylket rekrutteringsmesse i Grieghallen i Bergen. Det var om lag 50 private verksemder og offentlege etatar/organisasjonar som deltok. Det var stor interesse. Om lag 500 personar vitja messa. Hovudsakleg er det unge menneske frå Sogn og Fjordane, både studentar og personar som så vidt har starta yrkeskarriera.

Den 5. mai var det «Åtgaum» på Youngstorget i Oslo. Det var ei stor markering av Sogn og Fjordane i samband med 250 års jubileet for fylket. Flott ver og masse folk (mange tusen).

Den 6. mai var det rekrutteringsmesse der bedrifter, kommunar/regionråd og offentlege verksemder presenterte seg.

Sogn Regionråd hadde eigen stand med representantar frå kommunar, regionrådsadministrasjonen, og etablerarar, både i Bergen og Oslo. Mange var innom standen for å høyre kva Sogn kan by på. Mange av «ungdommane våre» er også heilt kläre på at dei skal heim. Kanskje ikkje med ein gong etter ferdig utdanning, men etter kvart. Dei er hjarteleg velkomne.



Temamøte for næringslivet om «Det viktige salsarbeidet» og «Erfaringar frå å starte ei verksemd».



Luster kommune og Luster Sparebank har i mange år hatt eit godt samarbeid på mange område. Eit fast årleg samarbeid er temamøte for næringslivet. Den 13. mars var det møte der «salsarbeid» var tema. Det var ei god og praktisk tilnærming frå kurshaldar Hans Egil Gjerde. Han fekk gode attendemeldingar frå deltakarane. Godt frammøte.

Den 22. mars var også Høgskulen i Sogn og Fjordane med oss på eit arrangement med fokus på etablering av ei verksemd. Næringssjef Olav Grov og ansvarleg for næringsliv i Luster Sparebank, Gunnar Ruud, snakka om kva kommunen og banken har som rolle i etableringsfasen. Alex Lien i Massiv Lust fortalte om erfaringar frå ei bedrift som var «midt oppi det», og Kjetil Hovland i Digital Etikett fortalte om lærdommar frå ei verksemd som er kommen forbi første fasen i etableringa. Det var om lag 100 tilhørarar; næringslivsfolk, studentar frå Høgskulen og engasjerte elevar frå Luster ungdomsskule (9. klasse).



Kjetil Hovland i Digital Etikett.



Alex Lien i Massiv Lust.



Nytt frå ATS

ATS tilbyr plenslått og anna «grøntarbeid»

Årets sommarsesong er godt i gang, og arbeidslaget på ATS har framleis ledig kapasitet på grøntarbeid. Ta gjerne kontakt om du treng maskin- og muskel-kraft for å få utført hagearbeidet ditt.

*



Varer frå kjøkkenet
ATS driv 2 kantiner og produserer mange typar bakevarer. Kjøkkenet tilbyr rundstykke og andre brødvarer, frukt og grønt til verksemder og skular, ulike typar kaker m.m. Du kan ta kontakt med kjøkkenet på tlf 576 85 737 om du har eit ønskje om mat du trur me kan hjelpa deg med.

*

Vaskeritenester

Vaskeriarbeidet med vask av moppar og arbeidstøy, dukar, teppe etc. går jamt gjennom heile året. Vår og førsommar er også høgsesong for utleige av dukar. ATS har lager av eigne dukar for utleige til kundar og etterspurnaden er aukande. Vår og sommar er i tillegg tida for rundvask i skular, barnehagar og andre arbeidsplassar og då kan ATS ta jobben med m.a. gardinvask.



Betalingsssatsar i omsorgstenesta 2013

I samband med endring av betalingssatsar for 2013, vedtok kommunestyret å innføre abonnement for tenestene heimehjelp og matombringning. Det er også abonnement for dag-/ nattopphald.

Før abonnement vart innført, t.d. på matombringning, fekk dei hjelpetrengane tilbakebetaling dersom det var enkeltdagar dei ikkje nyttar tenesta. Etter innføring av abonnement, betalar du ein fastpris om du vil ha middag kvar dag, eller om du vil ha middag 3 gonger pr. veke. Det er ikkje tilbakebetaling om det er enkeltdagar du melder frå at du ikkje er heime.

Dette kan samanliknast med ein barnehageplass. Du betalar etter kor stor plass du
er tildelt, uavhengig av om du brukar heile
plassen eller ikkje.



Abonnementet gjeld inntil du seier opp tenesta. Tenesta kan seiast opp med 14. dagars varsel pr. 1. eller 15. i månaden. For nærmere informasjon om gjeldande betalingssatsar viser vi til Luster kommune si heimeside.

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vert vedteken i kommunestyret 20.juni og arbeidet med arealdelen er i startgropa. Arbeidet vil få mykje merksemd utover hausten 2013 og startar med planprogram. Dette skal gjera greie for føremålet , planprosessen, opplegg for medverknad og behovet for utgreiingar.

Gjennom Plan- og bygningslova er det sett krav til at alle område som vert avsett i arealdelen skal konsekvensutgreiast. Difor må alle innspel koma i arbeidet med planprogrammet. Det vert m.a. lagt opp til 4 bygdemøte med påfølgjande kontordagar i bygdene for å rettleia og ta i mot innspel til aktuelle område. Planavdelinga vil då hjelpe til

med t.d. kart og avklara kva opplysingar kommunen treng til det vidare arbeidet.

Viktige tema i arealdelen vert:

- Areal til bustadbygging
- Areal til næringsføremål
- Vidareutvikling av kommunesenteret

Førebelts framdriftsplan:

Fasar i planarbeidet

Vedtak om oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram
Bygdemøte – Gaupne – Hafslo – Skjolden – Jostedal med påfølgjande
kontordagar

Frist: Planprogram og innspel til arealdelen

Vedtak av planprogram – framlegg til område som skal utgreiast
for evt. seinare vedtak

Utarbeida framlegg til arealdelen med kart, føresegner, planomtale,
KU og ROS-analyse

Offentleg ettersyn av planframlegg – 6 veker
2. g. handsaming av planframlegget

Vedtak arealdelen

Fristar / Framdrift
August/sept 2013

September/Okt 2013
Oktober 2013

November 2013

Nov – mars 2012/2013
Mars – april 2014
Mai 2014
Juni 2014

Føresetnad for vedtak i juni 2014 er m.a. at endringane etter 1.g. offentleg ettersyn ikkje er så omfattande at det medfører krav om ny utlegging. I så fall kan det føra til ytterlegare forlenging av planarbeidet med vedtak ca desember 2014.

Bustadfeltet Beheim 2 Tomtesal i 2014

Byggjeplanen for bustadfeltet Beheim 2 på Hafslo er no ferdig utarbeida av AsplanViak AS. Det er utarbeidd kostnadsoverslag på bustadfeltet, og opparbeiding av ny vassforsyning som vil vere nødvendig. Grunna stor kostnad med opparbeidinga av heile bustadfeltet, kan ei trinnvis utbygging vere aktuelt.

Utbygging av bustadfeltet skal handsamast av kommunestyret i juni. Vidare framdrift med tilbodusutlysing og innhenting av tilbod tilseier byggjestart seint på hausten i år.

Med normal byggjetid og framdrift bør det då kunne seljast tomtar i løpet av 2014.



Ledige tomter i kommunale bustadfelt

Beheimsfeltet, Hafslo: 2 tomter
Haugåsen, Jostedal: 6 tomter
Høyheimsvik: 1 tomt
Borhaug, Solvorn: 13 tomter
Bringebakkane, Luster: 8 til ordinær pris, 3 billegtomter

På www.luster.kommune.no ligg det kart og prisar på tomtene.

Forvaltningsplanen for Solvorn

Kommunestyret vedtok i møte 23. mai forvaltningsplanen for Solvorn. Hovudmålsetjinga med ein slik forvaltningsplan er å gje huseigarar og andre rettshavarar i området meir føreseielege rammer for gjennomføring av både små og store tiltak innafor området som er omfatta av reguleringsplanen for Solvorn. Planen er utforma etter mønster av forvaltningsplanen for Gamle Lærdalsøyri i Lærdal. I tillegg til råd om utforming av

tiltak, inneheld planframlegget framlegg om opprettning av eit fagråd og ei tilskotsordning. Planframlegget har vore sendt ut på 2 høyringsrundar, først ei avgrensa høyring til grunneigarar m. fl. sommaren 2011, så til offentleg ettersyn/høyring, sommaren 2012. I tillegg vart det halde opne orienteringsmøte i 2010 og 2011. Det kom inn få merknader. Forutan konkrete retningslinjer for utforming av byggjetiltak, inneheld planen framlegg til prosedyrar for handsaming av byggjesaker, etablering av tilskotsordningar, etablering av eit fagråd m.m.



Adresseprosjektet i Luster kommune

Luster kommune har pr. dato totalt 3640 adresser. Av desse er kun 965 vegadresser. Det vil seie at 2675 (73 %) har kun matrikkeladresse (gards- og bruksnummer).

I regionen er det oppretta eit felles adresseprosjekt, og i samband med det er det utarbeidd likelydande forskrifter. Kommunestyre i Luster vedtok den 23. mai lokal forskrift for namnsetting, adressering og adresseforvaltning gjeldande for Luster kommune.

Det er mange og store fordelar med presise adresser, både ved utrykking, distribusjon og også ved anna offentleg og privat tenesteyting.


Arbeidet med tildeling av nye/endra adresser skal etter planen starte opp hausten 2013.

Plan og forvalningsstyret har ansvaret for namnsettinga og gjer vedtak om skrivemåten av stadnamn/adressenamn. Plan og forvalningsstyret tek også avgjerd om namn og skrivemåte for dei enkelte adresseparsellane. Aktuelle lag/foreiningar, verksemder og privatpersoner i kommunen skal ha høve til å kome med forslag til namn. Då er det viktig at me alle bidreg til å finne gode og passande namn, samt at likelydande namn ikkje vert brukt fleire plassar i kommunen.

Kart og lister med namnforslag vert lagde ut på heimesida til Luster kommune. Der ligg også forskrifter, linkar til lovverk og anna informasjon.



Presise adresser er viktig ved utrykking og distribusjon av ymse tenesteytingar.



Døme på adressering i bustadfelt.



Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve
**Aslaug Vigdal, Kaia Hjelmhaug
og Anna Søhoel**
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd.
Gaupne
Margrete Søhoel Røneid
Avdelingsleiar
**

Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve

Ingrid Solheim, Gullborg
Lingjerde og Berit Gausdal
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd.
Hafslø
Ruth Karin Kvam
Avdelingsleiar
**

Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve
**Borghild Yttri, Maria Bruheim
og Johannes Bolstad**
si gravferd.

Helsing
Luster sjukeheimsteneste avd.
Luster
Liv Hunshamar
Avdelingsleiar
**

Hjarteleg takk for minnegåva
me fekk i høve
Leiv Rune Svori
si gravferd.

Helsing
Luster heimeteneste, Team A
Sissel Hovland teamleiar og
**Team Grandmo Aud Jorunn
Høyheim** teamleiar

Info til grunneigarar som grensar til statsallmenningane:


Registrering av Allmenningsgrenser

Statskog har starta opp med å rydde i arkiva sine og føre eigedommane sine inn i Matrikkelen, som er det offisielle eigedomsregisteret i Norge. Det er i hovudsak statsallmenningar som vert registrerte, men og enkelte eigedommar eigde av Statskog. Desse ligg i hovudsak ovanfor eigedommane som er registrerte i matrikkelen, dvs. ca. 800 moh, og har i dag ikkje målte fellesgrenser.

Gjennom denne artikkelen vil Luster kommune, som matrikkelførarmynde, informere grunneigarar som grensar til statsallmenningane.

Dei grensene registreringa gjeld er såkalla fiktive eigedomsgrenser utan særleg nøyaktigheit. Fiktive grenser vert brukt for å lage lukka eigedomsflater, samtidig som matrikkelkartet syner at dette er ein midlertidig situasjon. Fiktive grenser vil då vere grunnlaget for å få registrert avgrensa eigedommar.

Luster Vestre Statsallmenning,



gnr 216 bnr 1, er den einaste
av Statskog sine eigedommar
som er registrert i Luster
kommune, og som dermed
ikkje er aktuelt å sjå nærmere på
i denne omgang. Dei andre er
statsallmenningane som er tildelt
gnr og bnr, men eksisterer ikkje
i matrikkelkartet, men eksisterer
i matrikkelboka.

Dette gjeld følgjande
Statsallmenningar i Luster
kommune:

Gnr 212 bnr 1 - Luster
statsallmenning

Gnr 213 bnr 1 – Jostedalsbreen
statsallmenning

Gnr 214 bnr 1 – Svardal-/
Steindalsbreen statsallmenning

Gnr 215 bnr 1 – Luster austre
statsallmenning

Grensene for desse
Allmenningane er fastlagt
ved orskurd (kjennelse) av
Høgfjellskommisjonen på
Aurlandsvangen 6. august 1941
og ved jordskiftesak nr 7/1975
ved Indre Sogn jordskifterett:
Tok til 3.2. 1976 Sak avslutta
14.2. 1986, og jordskiftesak nr
3/1977 ved Sunnfjord og Ytre


*Stipla linjer er
grensene for
allmenningane.*

Sogn jordskifterett: Tok til 31.1.
1977 Etappe I-III Sak avslutta
14.2.1986. Iverksett 1. Juni
1986.

Desse kan ein få sjå om ein kontaktar Kart og oppmåling ved Eigedomsavdelinga.

Informasjon om Lovverket som regulerer gjeldande reglar finn de på Kartverket sine heimesider: <http://kartverket.no/Eiendom-og-areal/>
Matrikkelen/veiledning-for-lokal-matrikkelmanndighet/
Matrikkelloven-med-tilhorende-rettskilder/

Matrikkelmannd i Luster
kommune ønskjer at
grunneigarar til tilstøytande
statsallmenningane går saman
for å kartfesta grensene
for gardane. For eksempel
alle brukar under gnr 257
dokumentarar grensa mot
nabobruk gnr 256 og gnr 258,
ikkje grenser/rettar innbyrdes
utskilt frå hovudbruket gnr
257/1. Sjå figur.



Er det spørsmål vedrørende grenseforløp eller kartfesting av grenser, kan ein ta kontakt med Luster kommune, avd Eigedom, Oppmåling.

Kommunen jobbar kontinuerleg med å forbetra/oppdatere Matrikkelen og er lovpålagt å dokumentere grenseforløp/endringar (dette gjeld for gamle grenser frå skylddelingar, jordskiftesaker eller nye saker etter dagens lovverk). All føring i Matrikkelen, enten det gjeld bokdel eller kart, er det kommunen som utfører i kraft av å vera Matrikelmynde.

Reparasjon og vegstenging på sørsida til hausten

Statens vegvesen melder at Fv 331 Skjolden - Ornes har vore i därleg stand på eit punkt mellom Sørheim og Berteig i lengre tid. Det har vore ein del snakk om dette både i media og blant folk elles det siste året. Ein geoteknikar frå Statens vegvesen har vore på plassen og vurdert skadane og tryggleiken, og konstatert at det er trygt å passere. Turistbussar og anna trafikk kan gå som normalt i heile sommar. Vi har jamleg tilsyn med vegen for å fanga opp eventuelle endringar som kan ha innverknad på tryggleiken. Vegen er flytta litt inn i skråninga på oppsida, så ein slepp å køyre på den delen av vegen som er därlegast.

Reparasjonen av vegen er under planlegging, og arbeidet vil starte opp i haust. Skaden har oppstått fordi muren som vegen er fundamentert på ikkje toler belastninga av vegen og den trafikkmengda vi har i dag. Muren skal rivast og erstattast av ein lettfylling av ekspandert polystyren (EPS: ein slags isopor) med betongplate på toppen, i tillegg skal skråninga sikrast med sprutbetong og jordstag. Anleggstaden ligg på ein plass der det er vanskeleg å få til omkjøringsveg og det vil difor vere naudsynt å stenge vegen ein periode. Statens vegvesen jobbar for tida med forskjellige alternativ til løysingar for anlegget og vi har difor ikkje full oversikt over omfanget av stenginga. Vi ynskjer sjølv sagt å gjere perioden med stengt veg så kort som råd dersom det er teknisk mogeleg. For dei som bur på utsida av punktet kor vegen blir stengt vil dette medføre ein del



ulemper og det blir difor jobba med løysingar for å hjelpe på dette. Til dømes blir det fleire ferjeavgangar på strekninga Ornes - Solvorn og skuleskyss for dei som treng det. I tillegg er det kontakt mellom kommunen og Statens vegvesen for å finne

løysingar i forhold til beredskap for både brann og helse. Vi vil komme med meir informasjon til dei som vert råka av stenginga etter kvart som vi har noko meir konkret, melder Statens vegvesen.



Sportsbui-stipend.

Under Lustramarknaden fekk Sarah Fiskaa Haugen tildelt stipendet på 5000 kroner som Sportsbui kvart år gir til ein ung og lovande idrettsutøvar. Det var Knut Magne Bukve som stod for utdelinga.

Verjemålsreforma - ny organisering skal auke rettstryggleiken

Ny verjemålslov

Den nye lova er slik at verjemålsmyndigheita blir lagt til Fylkesmannen.

Fylkesmannen overtek ansvar og oppgåver frå dagens kommunale Overformynderi og omgropa overformynderi og hjelpeverje fell bort. Du blir no verje og må halde deg til Fylkesmannen som første instans.

Føremålet med revisjonen av verjemålslovgjevinga er å sørge for auka rettstryggleik, auka rettsleg likskap og auka effektivitet og kvalitet i verjemålsforvaltninga.

Korleis vil ny verjemålslov fungere i praksis

Det blir i dag gjort mykje godt frivillig arbeid i dei ulike overformynderia og mange praktiske avgjerder vil fortsetje som før. Fylkesmannen vil ikkje foreta automatisk byte av verjer etter at reforma trer i kraft, men Fylkesmannen skal føre tilsyn med verjene, og dersom det er behov kan Fylkesmannen endre eller avvikle verjemålet.

Det er ingen formelle krav til utdanning for å vere verje, men personen må vere eigna, og det må vere ein person som den hjelpetrengande vil ha.

Samtykke

Grunntanken er at du ikkje skal gå inn og gjere mandatet meir omfattande enn naudsynt. Du skal hjelpe personen til det vedkommande treng, ikkje meir. Verjemålet er nesten alltid frivillig og samtykket omfattar tre ting:

- Vil du har eit verjemål?
- Kva vil du ha hjelp til (mandatet)?
- Kven vil du skal hjelpe deg (verja)?



Astrid Veum og Aud Sviggum. Overformynderiet i Luster avsluttar sitt arbeid 30. juni. Då overtek Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Luster kommune takkar Astrid, Aud og andre lusteringar som gjennom mange år har gjort teneste i overformynderiet.

Tvang

Dersom ein person har medisinsk tilstand, eller set sin formue eller andre økonomiske interesser i fare for å bli vesentleg forringa kan vedkommande bli fråteken den rettslege handleevna på eit avgrensa område dersom dette er naudsynt. For å ta frå ein person rettsleg handleevn, krev dei ei avgjerd av retten. Omgrepet umyndiggjering fell bort.

Framtidsfullmakt

Integritet og auka sjølvråderett er sentrale verdiar bak føreseggnene i den nye lova. Ny verjemålslov gjev, i tillegg til legalfullmakt, og mogelegheit for å opprette ei **framtidsfullmakt** og få denne godkjent av Fylkesmannen. Ei slik fullmakt vil kunne vere eit alternativ til verjemål for personar som sjølv ønskjer å bestemme kven dei skal verte representert av i framtida dersom ein sjølv er ute av stand til å treffen eigne avgjerder.

Verjemål – Overformynderi

Å verta sett under verjemål betyr at mindreårig og vaksne som ikkje kan ivareta eigne interesser av økonomisk og personleg karakter, får oppnemnd ein verje.

Verjemålslova inneheld m.a. føresegner om kven som vil kunne ha behov for verje, korleis oppnemning av verje skal skje og på kva måte verjemålsoppdraget skal utførast.

Det kan til dømes vere personar med demens, psykisk utviklingshemming, rusmiddelmissbruk, alvorleg speleavhengigkeit m.m.



Sogn frisklivssentral
Leikanger, Luster og Sogndal

Velkommen til frisklivs- sentralen

Sogn frisklivssentral er eit samarbeid mellom kommunane Leikanger, Luster og Sogndal og er eit resultat av det interkommunale prosjektet *Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn*.

Frisklivssentralen hjelper og støttar personar i Leikanger, Luster og Sogndal som ynskjer å endre levevanar og førebygge livsstilssjukdommar.

Ein treng ikkje å ha ein diagnose eller vere sjuk for å delta på frisklivssentralen.

Frisklivssentralen tilbyr individuell rettleiing,

motivasjonssamtale, temaforedrag og gruppetilbod for fysisk aktivitet, kosthald og røykjeslutt. Me har aktivitetstilbod i alle tre kommunane og kontor i Sogndal og Gaupne.

Vi vil motivere deg på vegen til betre fysisk form, auka sjølvopplevd helse og betre livskvalitet.

Kven kan delta på frisklivssentralen?

Personar i yrkesaktiv alder som har auka risiko for, eller som har sjukdommar eller lidingar,


som kan ha helsemessig nytte av auka fysisk aktivitet, endra kosthald og/eller røykjeslutt. Lege, anna helsepersonell eller NAV kan tilvise deltagarar til frisklivssentralen, men ein kan også kontakte oss på eiga initiativ. Frisklivsresepten varar i 6 månader. Den omhandlar tiltak i regi av Sogn frisklivssentral, og tiltak i regi av andre eksisterande tilbod i kommunane som Sogn frisklivssentral har utarbeida partnarskapsavtalar med. Ynskjer du å gjere endringar i livsstilen din som kan gje deg ei betre helse?

Då er du hjarteleg velkommen til Sogn frisklivssentral. Vi ynskjer å gje deg eit vennleg dytt på vegen for å få ei betre helse.

Deltakar på frisklivssentralen: «Eg ville først ikkje vere med på dette då eg fekk resepten av legen. No skjørnar eg at det er det beste som har skjedd meg».

Ynskjer du meir informasjon eller har du spørsmål? Då er du velkommen til å ta kontakt med oss! Telefon: 95 30 38 97 (Luster og Sogndal). E-post: frisklivssentralen@luster.kommune.no


Følg Sogn frisklivssentral på facebook!



Kristine Mardal t.v. og Elisabeth Rygge orienterer om Sogn Frisklivssentral under den offisielle opninga av Sogn Frisklivssentral 22. mars i år.



Ordførarar Jarle Årvoll (t.v.) i Sogndal har ein god replikk etter han og ordførar Ivar Kvalen har gitt blomster til Elisabeth Rygge og Kristine Mardal i Frisklivssentralen.



Sognefjordvegen

Som ein del av folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn er det sett i gang eit prosjekt med namn Sognefjordvegen. Kort fortalt går prosjektet ut på å få ein samanhengande turveg frå Hella i Leikanger og austover til kommunegrensa Lom på Sognefjellet. Dette let seg gjera ved å nytte eksisterande turstiar og gamle ferdelsvegar. Sognefjordvegen er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Leikanger, Sogndal og Luster.

Prosjektet vil vera eit såkalla «vinn - vinn» prosjekt som fleire aktørar kan bruke. Ein samanhengande turveg gjev og moglegeheter for ulike arrangement. Døme på dette kan vere lokale løp/konkurransar og diverse temadagar - blant anna i skulesamanheng.

Reiselivs-satsinga i Sogn er positiv til prosjektet og det er eit potensiale for at dette kan verte eit unikt reiselivsprodukt, som viser fram det vakre fjordlandskapet med dei flotte bygdene.

Ein viktig del av prosjektet er rekruttering av stifadder. Dei ulike strekningane langs Sognefjordvegen treng fleire stifadderar som har ansvar for ei strekning som dei ynskjer. Dette inneber at stifadder ryddar unna kvist og passer på at skilt heng som dei skal. Kort og godt viser ein stifadder omsorg for stien sin. Dette er ei rolle som alle kan ta på seg; pensjonistar, familiar,

Følg prosjektet

Sognefjordvegen på bloggen til folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn www.ffhis.blogspot.no og på facebooksida. Her vil du finne meir informasjon og få ferske oppdateringar på arbeidet som pågår. Kan du tenke deg å vere stifadder, har du ei strekning du er glad i, er nysgjerrig eller har innspel? Ta kontakt med prosjektleiar: Knut Myking, tlf; 97767690 eller på epost; knut.myking@gmail.com.



skuleklasser/barnehagar (som del av uteskule), og elles alle som er glad i å vere ute i naturen. Det einaste ein treng er litt lokalkunnskap og omsorg for natur.

Ved å bli med som stifadder får ein vere ein del av prosjektet Sognefjordvegen og ein får flotte naturopplevingar.

Prosjektet sin viktigaste misjon er å synleggjera

Vil du låne sports- eller friluftsutstyr?

Me får utstyrssentral

Luster kommune er i gang med etablering av utstyrssentral for friluftsliv og sportsutstyr.

Fleire kommunar og organisasjonar har ordningar der dei låner ut utstyr til skular, barnehagar, frivillige lag/organisasjonar, familiar og enkeltpersonar.

Ein utstyrssentral er ein stad der ein kan låne sports- eller friluftsutstyr gratis eller svært rimeleg. Føremålet med utstyrssentralen er at manglande utstyr ikkje skal vere til hinder for at ein skal kunne delta i aktivitet og friluftsliv. Sentralen skal bidra til at utstyr til sports- og friluftsaktivitetar blir lett tilgjengeleg for alle, og bidra til at fleire unge er i aktivitet og får oppleve glede i det å drive

eit mangfald av sports- og friluftsaktivitetar. Helsedirektoratet har utarbeidd ein rapport «Sports- og fritidsutstyr til alle» som viser at utstyrssentralar aukar aktivitetsnivå, kan utjamne sosiale skilnadar og føre til god helse og inkludering.

Me er no i planleggingsfasen. Informasjon om retningsliner, kontaktinformasjon, type utstyr osv. kjem me tilbake til.

Etablering av utstyrssentral i kommunen er eit resultat av det interkommunale prosjektet



Illustrasjonsfoto.

Folkehelse og førebyggjande helsearbeid i Sogn . Me er no i ferd med å etablere ein slik sentral i Luster og Sogndal. Leikanger kommune har utstyrssentral.

turmogleheitene som er i nærområdet. Den nasjonale standarden for merking og gradering av turstiar som allereie er i bruk mange plasser i Luster vil verte nytta. Det er og ei målsetning å opprette ulike møteplassar langs Sognefjordvegen. Dette kan vere benker ved utsiktspunkt og gapahukar med bålplass. Slik kan ein gjere det meir attraktivt å reise på tur i nærmiljøet. Ved å ha slike uformelle møteplassar

kan det vere enklare å prate med folk ein treffer og nyte dei flotte utsiktane som er langs fjorden. I Luster har dei ulike bygdelaga, turlaga og idrettslaget drive eit fantastisk arbeid med merking av turstiar dei siste åra. Dette arbeidet vert godt lagt merke til av både tilreisande og fastbuande. Sognefjordvegen er og knytt til naturarvprosjektet; «mellan fjell, fjord og folk», som har samarbeida godt med lokale lag og organisasjonar om

merking av turstiar i Luster dei siste åra.

Vidare vart det arbeidt med ein applikasjon som synleggjer, inspirerer og informerer om alle dei ulike aktivitetane og turmogleheitene ein har i Sogn. Eit slikt produkt kan nyttast med smarttelefonar med GPS teknologi som fleire og fleire skaffar seg i dag. Ein slik turapp. har vorte utvikla i Valdres og i vår region finst det mykje teknologisk kompetanse som kan bidra til ein slik applikasjon.

Prosjektet har fått offentleg støtte og har som mål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelsa og utjamnar sosiale skilnadar i helse. Prosjektet er forankra i *Folkehelseloven* og *Helse og omsorgstjenesteloven* som trådde i kraft 01.01 2012. Arbeidet med *Sognefjordvegen* kjem til å pågå så lenge det er bart i 2013.





25 år med vekst for Avery Dennison NTP AS

Selskapet vart starta vinteren 1988 av gründer Atle C. Gandrudbakken, og vaks til tre tilsette det første året. Før den tid hadde Atle jobba i mange år i same bransje, og i det siste var fokuset å starte for seg sjølv. Valet fall på Gaupne, noko han ikkje har angra på.

Dei første åra for det nystarta selskapet var fullt av utfordringar, og utan ein solid og fleksibel Luster Sparebank i ryggen hadde det vore svært vanskeleg. Etter eit par år hadde dei knekt koden, og har etter den tid vore eit solid selskap i stadig vekst.

Frå 1988 til 2013 har det vore mange hendingar som har vore viktige milepælar. Det var spesielt å nå draumen om 25 tilsette, då var det brått krav om ein anna selskapsstruktur.

Å flytte ned på Grandane i det som no er kjent som «NTP-bygget» var ein viktig brikke for framtidig vekst.

Internasjonal arbeidsplass Den største endringa for selskapet kom i 2002 då det amerikanske konsernet Paxar kjøpte NTP. Etter oppkjøpet vart den lokale verksemda ein internasjonal arbeidsplass, og for mange av dei tilsette vart språket på arbeidsplassen bytta frå norsk til engelsk. Ein måtte også tilpasse seg globale kollegaer, noko som betyr at ein til tider må vera tilgjengeleg mest heile døgnet. Paxar ville ha teknologien som NTP hadde bygd opp på produksjon av transfer, eller heat transfer labels (HTL), etter mange år med fokus på innovasjon. Frå oppkjøpet var

det tilsette frå NTP som hadde regien når konsernet skulle setje opp fabrikkar verda over for å produsere transfer med teknologi og kjemi frå Gaupne. Det var gjennom dette arbeidet NTP til slutt fekk rolla som «center of excellence» for transferproduksjon, ei rolle som framleis er ei viktig brikke i vår framtid, men som samstundes krev at selskapet held fram satsinga på forsking og utvikling. Under Paxar perioden var NTP under god vekst, både i Noreg og internasjonalt. Sommaren 2007 kjøpte Avery Dennison opp heile Paxar, og NTP var no ein del av eit enda større amerikansk konsern. Avery Dennison har om lag 30.000 tilsette og er representert i over 50 land, og framleis klarar lustrabedrifa NTP å behalde



rolla som center of excellence. Det seier mykje om kor mange dyktige medarbeidrarar me har i bedrifta vår. Ein del av suksessen kan kanskje forklarast av ein arbeidsstokk med stort spenn i alder, mange med høg ansiennitet, 60 % / 40 % gutter og jenter, snittalder på 37 år og tilsette frå mange nasjonalitetar og med ulik bakgrunn. England, Polen, Litauen, Bosnia, Eritrea, Slovakia og Mexico er alle representert. I den siste perioden har NTP hatt eit aukande fokus på det ein gjerne kallar kompetansearbeidsplassar, og har no fleire godt utdanna medarbeidrarar blant anna innan kjemi, prosess, økonomi, it og serigrafi. Frå 2007 til 2012 auka omsetninga med 40 % og

året 2013 ser ut til å bli eit år med rekordomsetning og det året me rundar 100 millionar i omsetnad. NTP har no om lag 110 faste tilsette, i tillegg til 20-30 tilkallings- og sommarvikarar. Dei siste tre år har NTP investert om lag 30 millionar i framtidssretta produksjonsutstyr, både for å setje standarden for konsernet men også for å bli ein større aktør på den internasjonale marknaden. Både dei siste tre åra og heile 25 års perioden har både Luster kommune og Innovasjon Noreg vore særsviktige samarbeidspartnarar. Framtida ser lys ut, og NTP ser fram til å skapa nye milepælar for verksemda, konsernet og kommunen dei neste 25 åra.

Lustraløpet

markerte ein aktiv start på Lustramarknaden, og Hallvard Sørheim Evjestad passerte både ein «historisk» taubanestasjon, men og målstreken først av alle.



Fleire bedrifter tilbyr Fairtrade-produkt

Fairtrade handlar om rettferdig handel og er ei internasjonal merkeordning som gjennom handel styrkar bønder og arbeidrarar i fattige land. Fairtrade arbeider for at internasjonal handel skal føregå på eit grunnlag som set folk i stand til å leva – ikkje berre overleva. Ved at ein handlar Fairtrade-merka produkt bidreg ein til at dei som har produsert vara kan forsyta seg sjølv og familien sin, utan å vera avhengig av hjelp og bistand. Med dette får dei høve til å skapa si eiga framtid og bidra til å byggja opp sitt eige lokalsamfunn.

Følgjande serveringsstader, som me er kjende med, tilbyr i dag Fairtrade kaffi, te eller andre produkt til sine gjester: *Lustrabui, Gaupne hotell, Jostedal hotell, Breheimssenteret, Fjordstova, Lyngmo Ungdomssenter, Walaker hotell og Eikum Hotell.*

Følgjande butikkar, som me er kjende med, har Fairtradeprodukt i sitt varesortiment: *Spar Gaupne, Spar Hafslø, Joker Luster, Joker Jostedal, Coop Prix i Gaupne, Coop Fortun, Coop Skjolden.*

Er det fleire verksemder som tilbyr Fairtrade-produkt, eller som ynskjer å gjere det,

Sidan 2009 har Luster kommune vore Fairtradekommune. Me har ei styringsgruppe for arbeidet: Anette Steggejerdet Norberg (leiar), Beate Bondevik Lie, Steinar Bruheim, Hanne Teigen og Ole Johnny Uthus.



Kommunen har ein del informasjonsmateriell som verksemder kan få ved å kontakte oss. Fairtrade har diverse ikkje dette materialet på nynorsk.

kontakt Luster kommune. Me kan også hjelpe til med informasjonsmateriell de kan ha tilgjengeleg.

Fairtrade er meir enn kaffi og te
Det er mange ulike produkt du kan handle gjennom Fairtrade-

ordninga. På www.fairtrade.no er det ei lang oppramsing av produkt, og kva butikkar som sel dei ulike varene. Døme på produkt: Iskrem, roser, klede, sko, krydder, konfekt, kosmetikk, kakao, juice, brus og mykje meir.

Youngblood
er namnet på «Boybandet» som Christer Sjøli er medlem av. Dei fire andre medlemene er svenske, og bandet har gjort det særleg godt i nabolandet, m.a. ved å koma vidare til «Andra sjansen» i den svenska utgåva av Melodi Grand Prix. Her i Luster vart det tid til to konserter denne gongen: i Parken på fredagskvelden og i Rådhusparken på laurdag. Lustranytt fekk stadfesta at publikumstalet var høgst i Rådhusparken (fototeljinga viste i underkant av 900), noko Christer sette stor pris på. Han bad oss også helsa til alle som var tålmodige nok til å få signaturar på CD'ar, armar og klede....





Århundrets fest på Gaupne omsorgssenter

Fredag 31. mai var beburane på Gaupne omsorgssenter og eldresenteret inviterte til vårfest med mat, drikke og musikk og dans. Då klokka slo seks var ca. 80 forventningsfulle benka rundt dei flott pynta borda og varmmaten vart servert med stil. Primus motor for denne vårfesten var Reidun Melås, Svanhild Teigen og Bjørg

Stegegjerdet. Dei hadde fått positive svar fra frivillige for å hjelpe til med arrangementet; slik som besökstenesta, seniordansarane, servitørar og kokk frå Lions og sist, men ikkje minst Indre Hafslø Spelemannslag - di derre indrebygdingane.

Denne festen utvikla seg til ein heilt spesiell kveld for ALLE

frammøtte med dans og latter, og der alle deltok om det var til fots eller på hjul. Klokka nærma seg ti før dei siste gjekk heim. Og fleire tok til orde for at slike festar måtte det komme fleire av.

Ei gedigen takk til alle frivillige, samt dugnadsgjengen av tilsette som klarte å dra opp stemninga på ein framifrå måte.





Kinodag

Ein dag tidleg i februar 2013 inviterte elevrådet ved Luster vidaregåande skule alle elevar og tilsette på kino. Me var inspirerte av reklamen frå Netcom, der ungdom inviterte eldre på ein eldreheim.

Me såg filmen «Les Miserables» og rundt 50

deltok på oppmodinga. Me som var der hadde det veldig kjekt, sjølv om det var varierande terneringskast av filmen.

Slike sosiale happenings er med på å styrka samhaldet og trivselen ved skulen, og er folkehelsearbeid i praksis, fortel miljøkoordinator Charlotte Bringe til Lustranytt.

Independence of the Sea



Independence of the Sea – verdas fjerde største cruiseskip kom til Skjolden den 21. mai. Skipet som er 339 meter langt, hadde med omlag 3800 passasjerar og saman med mannskapet vart folketalet i Luster meir enn dobla denne maidagen. Skipet er på 15 etasjar og har alle fasilitetar ein kan ynskje seg. Ordførar og næringssjef var ombord i samband med overrekking av kommunevåpenet til kapteinan på skipet.

Passasjerane som gjekk i land opplevde ein fin vårdag på Skjolden. Dei som var på utflukter reiste til Lom, Sognefjellet, Jostedalen og Urnes.



Bre-festivalen og uteungar

Årets Brefestival i Jostedalen gjekk av stabelen 25. – 26. mai. Nytt av året var at me sette born og unge i fokus, då det er aktivitetar tilbydd den aldersgruppa det har vore mest oppslutnad om, fortel Marita Kveane. For dei eldre borna arrangerte me «Brefestivalen Uteungar», ein friluftscamp med overnatting i lavvo på Jostedal Camping. Dei byrja helga med ein skitur i strålande sol til Hytta på Mann – før det fortsette slag i slag med symjing i bassenget, grilling, film, klatring og orientering. For dei yngre borna blei det arrangert vandretur med SNO laurdagen. Underveis fekk borna prøve seg på aktivitetar knytt til ulike tidsepokar frå steinalder og fram til nær fortid, og ete «historisk mat». Søndag var det tid for tradisjonell familietur på Nigardsbreen og grilling ved Nigardsbrevatnet.





Olsokmarknad i Fortun

27. – 28. juli

Siste helga i juli går den 26. olsokmarknaden av stabelen og me håpar mange finn vegen til Fortun for å ta del i denne. Me kan tilby eit variert program og trur det vil vera noko for ein kvar smak, fortel Liv Janne Steig til Lustranytt.

Marknaden opnar laurdag kl. 11.30 med sal frå marknadsboder, utstillingar og ulike aktivitetar. Det vil verta sal av rømmegraut på laurdagen, og sal av grillmat, kaffi, kaker og brus begge dagane.

Du vil finna aktivitetar for både små og store. Me kan by

på både fysiske utfordringar og noko å tygge på for dei små grå. Tombola har tidlegare vore eit svært populært innslag på marknaden, og dette kan du heldigvis finna i år også. I marknadsbodane vil de finna eit variert utval, frå frukt og grønt til husflid og antikvitetar. Signe Fortun Weka og Oddvar Fyllingsnes har utstilling og sal av maleri.

Dagen vert avslutta med fest i Fortun Grendahus, der Marvin Uglum og Knut Christiansen spelar til dans.

Søndagen startar med

friluftsgudsteneste. Deretter opnar marknaden kl. 12.00. På slutten av dagen vil det også verta trekning av loddbökene, med mange flotte premiar. Og, kven veit, kanskje dukkar det opp nokon overraskinger. Meir informasjon og detaljert program, kan de finna på heimesida vår fortunsalen.no. Velkommen til marknadshelg i Fortun!

Konsert med Anne Johansen

Me er heldige som får oppleve Anne Johansen på konsert i Fortun kyrkje, laurdag 27. juli. Anne er Toten-jente, frå Raufoss, no busett i Skreia, Austre Toten. Ho byrja å synge som barnesolist i barnekor då ho var 7 år, og song i fleire kor og grupper under oppveksten. På vidaregåande gjekk ho musikklinje, med song som hovudinstrument. I tillegg spelar ho piano og gitar.

Anne har tidlegare budd nesten to år i Luster kommune. Eitt år jobba ho ved Fortun Bensinstasjon – og eitt år som Musikklærar ved Luster Kommunale Musikkskule. Ho deltok og i Talentkonkurranse som gjorde henne godt kjent i Luster og omegn.

Konsertrepertoaret i Fortun denne ettermiddagen blir allsidig, med eigne låtar, samt covere av andre; norsk, svensk, og engelsk. Med seg har ho pianist Vidar Sundbakken, også frå Toten.

Ho gler seg til å komma tilbake på gamle trakter som har betydd mykje for henne.



Kunstnar med motorsag

Skog vil vera eit tema for marknaden i år. I den samanheng, har me fått den kjente motorsagkunstnaren Arne Askeland til å komma til Olsokmarknaden. Askeland kjem frå Askeland gard på Osterøy. Garden er frå jarnalderen, og Arne driv no med høglandsfe og utegangersau. Han lagar også den tradisjonelle ulltøffelen; Hausstøffelen. I tillegg er han komponist, spelemann og låtskrivar innan gamaldans. Olsokmarknaden har engasjert Arne som kunstnar. På marknaden skal han ha 3 show på laurdag og 3 på søndag, der han lagar fantastiske tre-figurar ved hjelp av motorsag. Nokre av skulpturane vil det verta bodrunde på for dei som ynskjer å kjøpe ein skulptur.

Vil du lese meir om denne unike kunstnaren, gå inn på http://www.motorsagkunst.no/Carving/Carving_og_kunst.html




F.v. Olav Stølen, Arne Kvalen, Erling Bjørnetun og Valborg Heløy

Stadnamn for Luster på Internett

Fylkesarkivet vil no gå i gang å publisere stadnamn for Luster kommune på Internettadressene www.fylkesatlas.no og www.fylkesarkiv.no. Vi har lagt ut 2 086 stadnamn allereie. Kommunen har løvd pengar til å få gjort dette viktige kulturhistoriske arbeidet. Det er dei tre sogelaga som har stått for nyinnsamling av stadnamna på grunnlag av skuleborninnsamlinga i 1932, innsamlinga til Frøysadal og frå den store stadnamninnsamlinga i 1985 og utover.

Luster kommune er stor i flatemål, den største i fylket, med heile 2 700 km². Med dette store arealet fylgjer mange stadnamn. Også fordi det er få tettstader i kommunen er det ekstra mange stadnamn. I bygdene hugsar folk stadnamna, i byar og tettstader blir dei vekke p.g.a. endringar i kvardagslivet og arbeidslivet. I sommar vert dei siste kartblada i målestokk 1:5000 gjort ferdig når det gjeld områda under 800 m.o.h. Fjellkart i målestokk 1:50 000 vert det arbeidd med enno ei tid utover hausten. Er det nokon som er spesielt interessert i å bidra med opplysninga, ta kontakt med historielaga!



Landskap i

I løpet av juni vert det lansert eit nytt reiselivstilbod i Luster. «Landskap i Luster – ei kunstreise» vert ein raud tråd gjennom spanande landskap i Luster kommune, ei temarundreise med natur- og kulturformidling i fokus. Rundreisa tek utgangspunkt i 12 nasjonalromantiske måleri som vert presentert på



Breen går fram		
Breen går attende		
Brerandavsetjing oppstår		

På kvar stoppestad får ein spørsmål av ulik vanskegrad.

Velkomstsida til mobilapplikasjonen.



Luster – ei kunstreise

12 stoppestader. Kring desse stadene stod kunstnarar som J.C. Dahl, Flintoe, Tidemand og Gude og teikna sine skisser for 150 til 200 år sidan.

Nigardsbreen, Lustrafjorden, Hurrungane og Urnes

Stavkyrkje er eksempel på motiv kunstnarane fanga. I dag er fleire av desse måleria ikon innan nasjonalromantisk kunst. Andre måleri er meir ukjende, som til dømes motivet av Fortun, måla av Ole Bull sin mindre kjende bror Knud Bull.

Spelet mellom måleria frå fortida og landskapet i notida gir rom for nyskapande formidling.


Spennet i tid gjer det mogeleg å formidle kunnskap om endringar i landskap, samfunn og lokal kultur. Luster kunstlag, Bjørg Hovland, Leif Hauge (HSF), Fortidsminneforeningen og Luster kommune har alle bidrige i kunnskapsinnhentinga. Kunnskapen er samla i eit fyldig reisehefte der korte historier vert presentert på kvar stoppestad saman med måleriet. I tillegg kan besökande prøve seg på ein quiz på mobiltelefon, der dei også vinn premiar undervegs. Målet er at brukarane skal gjere meir enn å betrakte det landskapet og

samfunnet dei besøker, dei skal også få auka forståing gjennom aktiv deltaking.

Aktørane bak Landskap i Luster håpar rundreisa vert eit nyttig formidlingsverktøy for reiselivsbransjen og ein spanande kunnskapsgruve for lokalbefolkinga. Både reisehefte og mobilapplikasjon skal vere tilgjengeleg på turistinformasjonen og hjå reiselivsverksemder.

Dei tolv stoppestadene og utvalde tema for kvar stoppestad:

1. Solvorn: «Lustrafjorden» og «Det eldste hotellet i Noreg»
2. Urnes Stavkyrkje: «J.C. Dahl og Fortidsminneforeningen» og «Verdsarven»
3. Munthehuset: «Gerhard Munthe» og «Reisene»
4. Feigum: «Feigianismen» og «Attgroing i landskapet»
5. Fortun: «Falskmyntnaren» og «Sognefjellsvegen»
6. Turtagrø: «Stølslivet» og Store Skagastølstind»
7. Eide Gard: «På veg til kyrkja?» og «Lauving»
8. Fjordstova: «Fjord møter land» og «Grøvi på Eide»
9. Kvåle, Luster:



J.C. Dahl sitt måleri av Feigefossen er mindre kjend, men byr på mange spanande detaljar.


- «Tettstadutviklinga i Luster» og «Poteta sitt inntog»
- 10. Moloen, Luster: «Brureferd i Luster?» og «Dei forsterka naturelementa»
- 11. Gjerde: «Landskapsdanning» og «Den kunstnariske fridommen»
- 12. Breheimssenteret: «Brerandavsetjing» og «Planteliv og suksjon»

Landskap i Luster er eit delprosjekt i «Mellom fjell, fjord og folk» i Luster kommune. Prosjektet er finansiert av Direktoratet for naturforvaltning, Luster kommune, fylkeskommunen og fylkesmannen.



Er det poteter som veks i framgrunnen på dette motivet måla av Flintoe i 1819.

Flintoe sitt måleri av Myrhyrna er rett så kjend.



Luster sogelag

Vandringar på historiske stiar 2013

Onsdag 26. juni kl 18.00

Kroken - Lingjerde, Hestadalen.
Oppmøte: Kroken Kai
Kjentmann: Hermann Lingjerde

Onsdag 10. juli kl 18.00

Granfasta - Ormelid -
Kleppabrua
Oppmøte kl 18.00 ved
Granfastebru
Kjentmann: Jakob Øygard

Onsdag 24. juli kl 18.00

Yttrishaugane, Fortun.
Oppmøte ved Yttrisbrui
Kjentmenn: Kari Yttri, Sverre
Yttri, Jakob Flaten

Onsdag 7. august kl 18.00

Vandring på Sognefjellet
Oppmøte ved Midtfjellselva
Kjentmann: Kjartan Kvien

Onsdag 21.august kl 18.00:

Til Flatningane
Oppmøte: Engjadalen
Kjentmenn: Karin og Harald
Leirdal



Onsdag 4. september kl

18.00
Joranger - Lyngsæter
Oppmøte ved Joranger kyrkje
Kjentmann: Haldis Tørvi

Til alle turane: Alle velkomne
– ta med ettermiddagskaffi og
noko å bita i og bli med!

*Frå årsmøtet til Luster sogelag der
styret for 2013 ser slik ut: Leiar
Geirr Vetti,
skrivar Bjørg Hovland, kasserar
Hans Vigdal Bringebøen.
Styremedlemer Elen Kristine
Skildheim Otterhjell og Kjell Einar
Ormberg.*

Sommarles 2013

10. juni- 31. august

Luster bibliotek inviterer alle
1.-7. klassingane til å delta
i konkurransen om å bli
sommarens leseløve.
Sommaren er ei fin tid for lesing.
Les sjølv, eller finn nokon som
kan lese for deg. Du kan lese
bøker og høre på lydbøker.



Tre teikneseriar blir rekna for ei
bok. Hugs at biblioteket òg har
bøker som er lette å lese.

På lesekortet skriv du inn alle
bøkene du har lese i sommar.
Du må lese minst 5 bøker for å
vere med i trekninga av premiar.
Premie blir gitt til dei tre som
har lese mest. Det vil og bli trekt
tilfeldige vinnarar mellom alle
dei som deltek.

Det er muleg å hente fleire
lesekort i biblioteket heile
sommaren medan konkurransen
pågår. Foreldre, lærar eller
nokon på biblioteket må
attestere på kortet.

1. premie: Gåvekort kr 500
2. premie: Gåvekort kr 300
3. premie: Gåvekort kr 200
- 4.-10. premie går til tilfeldig
uttrekte deltakrar.

Sommarles blir avslutta med eit
arrangement i hovudbiblioteket.
Ordførar deler ut premiane.

Fristen for å levere lesekortet er
3. september.

God sommarles!



Bjørnstjerne Bjørnson med Grete Letting.

Bokkafé Luster bibliotek

Bokkafé i hovudbiblioteket er populære arrangement som vert halde ein gong i månaden i perioden oktober - mai. Fleire deltakarar kjem att kvar gong. Nokre gongar i året blir det brukt eksterne foredragshaldarar, for det meste lokale personar som er spesielt opptekne av ei sak eller eit emne. I april var det laurdagsforedrag med Grete Letting. Letting har budd i Krøken i fleire år, men flytta tilbake til Oslo i mai månad. Ho er tidlegare forlagsredaktør, lærebokforfattar og har vore med på å utgje fleire bøker,

mellanom andre «Den vesle stavkyrkjeboka» der også Urnes stavkyrkje er med.

Dei siste åra har Grete vore spesielt oppteken av Bjørnstjerne Bjørnson med utgangspunkt i Edvard Hoems sin store Bjørnson-biografi. Med fjerde bind «Syng mig hjæm» blei biografien avrunda i 2011. Foredraget blei svært godt motteke av dei oppmøtte i biblioteket.

Ver med å lage bokkafé
Har du eit emne du kan mykje om og likar å snakke til folk, er du velkommen til å gjøre det på bokkafé. Det kan handle om alt

frå flugebitting til kvinnekamp, kjende menneske, lokalhistorie og så bortetter. Treng du hjelp til å lage biletpresentasjoner, ordnar vi det i biblioteket.



**Opningstider
rådhuset i sommar**
I skulane sin sommarferie,
24. juni – 16. august er
rådhuset ope kl. 08.00 –
15.00.

Verdas bokdag i biblioteket

I høve den årlege markeringa av Verdas bokdag 23.april, inviterte biblioteket ungdomsskulen til diktkonkurranse. Temaet var «Kjærleik». Juryen, Leif Bollingberg, pensjonert lærar, Torill Otterhjell, avdelingsleiar ved Luster bibliotek avdeling Hafslo og Ellen Borch Veum, biblioteksjef, hadde ein utfordrande og morosam jobb med å finne fram til dei beste dikta. Det var vist stor fantasirikdom, humor og originalitet i diktina. Åttande klasse var ikkje med i konkurransen.

LASTEBIL
 Lukta av diesel
 om morgonen
 Heit gummilukt
 frå store hjul
 Lyden av tung last
 på lastebilen
 Svart dieselrøyk
 - du reiser vidare
 - femti tonn på ryggen
 - lyset
 - dashbordet
 - lufttrykk
 - akseltrykk
 Alt må fungere
 Lukt av diesel
 Glede

Hans Jørgen



Hans Jørgen Gjerde i prat med Kristen Ormberg i Radio Luster

1. Juryen si dømming: Det er eit kraftfullt dikt som syner ekte og truverdig lidenskap. Det er uttrykksfullt, rytmisk og originalt.

Kjærleik!

Du gir meg kjærleik
 Eg vil ha din nærleik
 Din utsjånad og din sjarm
 Det gjer at eg blir varm

Du er vakker og du er fin
 Du er min medisin
 Kurerer min sorg
 på datemeg.org

Henrik Thorsnes Lefdal
Luster Ungdomsskule 9A



Flankert av jurymedlemmar ser vi frå høgre Anna Samnøy, Henrik Thorsnes Lefdal, Julia Kvam, Martin Midtun og Hans Jørgen Gjerde.

2. Juryen si dømming: Dette humoristiske diktet viser både originalitet og aktualitet. Det seier noko om moderne tid på ein spretten måte.

Du er den rette

Du springer som elven, du stråler som solen,
du svever som ørnen, du suser som vinden.

Du ser meg komme, du vrinsker av glede,
du steiler med glans, du er som en blomsterkrans.

Du vinker med hoven, du gjør et hopp
du går i galopp, du gjør aldri stopp.

Du har øyner som havet, du gir meg nå svaret,
du er den rette, det var enden på dette.



3. Juryen si dømming: Dette er ekte kjærleik og glede gjennom lidenskap til ein ekte livpartner.

4. Diktet illustrerer stemning med få ord. Dialekta plasserer hendinga i landskapet.
«Diktaren har det i blodet».

JAKT

Fint ver pao fjedle
gao runt å surra
Ser rypa
Mao vera kjapp
Treff
Leite etter rypa
Stappa ho i sekken

Martin

Kringslått

var tittelen på konsertprogrammet som Helene Myklemyr og John Oddvar Kandal har turnert i kommunen vår med. Begge er kjende innan folkemusikken og har fått eit «namn» mellom dei beste utøvarane i fylket vårt. Turnearrangements har kome i stand ved eit samarbeid med Luster Folkeakademi, og i år vart det heile fire konsertar fordelt på tre omsorgssenter og avslutta med konserten i Rådhusparken på «den store marknadsdagen».





Miljøfoto: For alle utstillarar er det å nå fram til eit stort publikum ein av draumane. På denne Lustramarknaden var det mange som fekk fleire av sine draumar oppfylte, ... responsen frå publikum var også framifrå, vart det meldt frå mange av utstillarane.

Lustramarknaden 2013 Kjempesuksess!

Dette er kort oppsummert erfaringane med Lustramarknaden og den samanhengande kulturveka som i år faktisk talde åtte dagar.

Arrangementet toppa seg naturlegvis på «Den store marknadsdagen» med både tivoli, rekordmange utstillarar og ikkje minst eit stort publikum som i år talde mellom 4 og 5000.

Frå alle lokale arrangørar vert det meldt om stor oppslutning, og lysta til å vera med vidare

og å tenkja utvikling av nye programopplegg er allereie i gang.

Like før Lustranytt gjekk i trykken fekk me opplyst frå arrangøren at planane for neste års Lustramarknad, som vert i tida frå 8. til 15. juni 2014, er på teiknebrettet allereie. I midten av oktober vert sentrale aktørar, men og dei som kan tenkja seg å bli meir involverte i arbeidet framover, verta inviterte til ei felles samling.



Jens Brekke fekk også høve til å bli betre kjent i Luster. Tre program under tittelen «Kandissukker og lampeolje» saman med fylkesfolkemusikaren Elin Grytting på omsorgssentra våre, og avslutningsfanfaren i Rådhusparken med skjemt og alvor i lett blanding, med treffsikre skildringar av «bygdetullingar» og historie etter Per Sivle, slik berre Jens Brekke kan det.



Youngblood samla mykje folk.



Næringsseminaret vart i år lagt til Massivilust sitt produksjonslokale på Gaupnegrandane.



To purke og ein gris Norill Terese Norheim, Henning Lad og Mathilde Skjærset vart for dagen utvida med tre griser til: f.v.: Leif Arne Øvrebo, Asbjørn Røneid og Arve Bjørn Røneid.



SAMSPEL: Elevane på interiør og utstilling VG 2 ved Luster vidaregåande skule står bak det imponerande arbeidet med dette biletet som har kome på heidersplass i servicetorget på rådhuset i Gaupne. Frå v.: Anja Helen Kandal, Monica Flatland, Amalie Lidal Noss, Shaian M. Hassan, Emilie Risnes Øyre, Johanna Marielle Ludwig, faglærar Astrid Holum og Gudrun Ness.

Foto: Sigrid Svarlefoss, Sogn Avis.

Glad glaskunst piffar opp servicetorget

– Utruleg flott, og så er det kjekt at det har fått ein så sentral plass på rådhuset. Alle som kjem her, vil sjå det. Eg er stolt over at me har så flinke elevar på skulen vår, sa Bergljot Buskaker, rektor ved Luster vidaregåande skule, då ho saman med kunstlevane overleverte glaskunsten ein dag i mars.

Stilisert tre

Elevane hadde ei idemyldring for å få idear til korleis arbeidet skulle verta. – Eg fekk idé til treet som knyter saman natur og aktivitetar. Eg fekk inspirasjon frå resten av klassen, og tenkte mykje på naturen, fortel Gudrun Ness. Dette fengja dei andre elevane, og så var det å laga motiv med symbolikk til naturen og kommunevåpenet til Luster kommune.

– Med desse motiva har me valt ungdom som målgruppe. – Me tenkte på ungdom og aktivitetar dei driv. Difor har me valt motiv som viser liv og farge, og det passa godt til ideen som Gudrun hadde med dette treet, seier Amalie Lidal Noss.

Glasarbeid

Figurane i bilete er stiliserte. Kvar elev har laga to fliser med motiv, og motiva skulle passa inn i ei årstid. – Eg har tenkt haust, og har valt aktivitetar som sykling og kano, seier Monica Flatland. Kvar elev har laga motiv i glas, skar ut, pussa, og ikkje minst har det vore tidkrevjande arbeid med å få dei ulike delene til å passa saman. Deretter var det å brenna arbeida. – Me har hatt eit godt samarbeid med Wenche Torvanger, og

har fått låna omnen hennar til å brenna arbeida våre.

For første gong

Glasutsmykkinga er montert på tre plater. – Elevane har lege på golvet og har gjort ein imponerande innsats. Resultatet er eit biletet som passar mange stader, seier Holum, og er stolt over at skulen for første gong har laga eit kunstverk til offentleg utsmykking.

– Me måtte tenkja meir seriøst når me visste at biletet vårt skulle vera i eit rådhus. Me har alle gleda oss stort over å få vera med på oppdraget, seier Hassan.



Returadresse:
Luster kommune,
N-6868 Gaupne, Noreg/Norway

NORGE

P.P.

LISTRABADET

Opningstider Lustrabadet

Måndag	06.30 – 08.30 & 15.00 – 21.00 Skulesymjing 9.00-15.00
Tysdag	Reservert til skuleklasser, barnehagar samt ulike grupper, lag og foreiningar.
Onsdag	12.00 – 21.00
Torsdag	06.30 – 08.30 & 15.00 – 21.00 Skulesymjing 9.00-15.00
Fredag	12.00 – 21.00
Laurdag	10.00 – 17.00 Sommarope:
Søndag	10.00 – 17.00 Sjå inne i bladet!

www.listrabadet.no



Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag og fredag kl 18.00 – 21.00

søndag kl 16.00 – 19.00

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

Sjå oppslag og www.luster.kommune.no

Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt

Tysdag 10.00-16.00

Onsdag 10.00-16.00

Torsdag 10.00-18.00

Fredag 10.00-16.00

Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 09.00 - 16.00

Tysdag: 09.00 - 15.00

Onsdag: 09.00 - 15.00

SKJOLDEN

tlf. 976 51 922

Føreslege nedlagt frå

01.01.2013. Sjå www.luster.kommune.no

VEITASTROND

Måndag: 13.30-15.30

Opningstid i sommar

Hovudbiblioteket kl. 10.00 - 15.30 tysdag – fredag. Gjeld 17.06. - 25.08.13.

Avdeling Skjolden tlf. 976 51 922. Tilgjengeleg når Turistinformasjonen er til stades i sommarsesongen.

Avdeling Hafslo og Veitastrond er stegde i skulen sin ferie.






**Følg Luster kommune
på facebook**

LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2013

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus og Sentralsjukehuset Førde. Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 10. juni 2013.

Anvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget

v/leiar Anita Bjørk Ruud.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:

Luster kommune, LustraNytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.

Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.

Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: Breheimsenteret vart årets bedrift 2013. Breheimsenteret nesten ferdig. Foto: Frank Smedegård.

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT

- snarleg hjelpe utanom kontortida

Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården

Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP

Mob. 48 10 21 20

(Veg/vatn/kloakk).

NAV Luster

Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann

Tlf. 110

Vakthavande brannbefal

Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann

Tlf. 112